

**ÅRSMELDING**  
**Norges Naturvernforbund**

**Landsmøteperioden**  
**1997-1999**

## Innleiing

Årsmeldinga dekkjer heile landsmøteperioden og er utarbeidd med utgangspunkt i arbeidsprogrammet som landsmøtet vedtok på Ås i 1997. Landsmøtet ynskte å prioritere skarpere og delte prioriteringane inn i fire hovudsatsingsområde. På hovudsatsingsområda skulle forbundet skal ha ein høg profil mot omverda, samstundes som arbeidet skulle engasjere store delar av organisasjonen. Årsmeldinga vil syne at organisasjonen har lukkast med begge desse målsettingane.

Hovudsatsingsområda for Naturvernforbundet i landsmøteperioden 1997-1999 har vore:

- Kamp for naturarven
- Kamp mot farlege klimaendringar
- Økologisk forsvarleg matproduksjon
- Samferdsel

Tilsette i sekretariatet har planlagt og koordinert det arbeidet som er omtala i årsmeldinga. På alle områda er det lagt vinn på å involvere fylkeslag og lokallag, og forbundet har stor nytte av eit nettverk av frivillede ressurspersonar i organisasjonen, men også utanfor Under kvart område er meldinga disponert på same vis som arbeidsprogrammet 1997-99. Det vil seie meldinga summerer opp kva som er gjort punkt for punkt. Vi vonar at dette vil gjøre det lettare å vurdere både kva som er gjort, kor mykje som er gjort og kor godt eller därleg arbeidet har følgt programmet. Hovudmålform i årsmeldinga er nynorsk, men delar av meldinga er på bokmål.

## Landsmøtet 1997, styrearbeidet, representasjon, medlemstal

### Landsmøtet 1997

Opphavelig skulle landsmøtet ha vore på Røros i tida 5. - 8. juni, men det vart nødvendig å flytte møtet til Ås. Landsmøtet vedtok nytt prinsipprogram, "Naturvernforbundets plattform", nytt arbeidsprogram og ni fråsegrer. Landsmøtet utnemnde Jon Østeng Hov og Rolv Egelanddal til æresmedlemer. Ragnhild Sundby, æresmedlem og tidlegare leiar i Norges Naturvernforbund, vart på sin 75-årsdag 6. juni utnemnd til Riddar av 1. klasse av St. Olavs orden. Heidi Sørensen vart attvaled som leiar. Nestleiar vart Erik Sølheim. Meir informasjon i det fullstendige referatet frå landsmøtet.

### Den økonomiske krisa for forbundet

#### 1. Situasjonen i 1997

Etter landsmøtet i 1997 var den økonomiske situasjonen framleis alvorleg, som følgje av underskotet på 2,6 mill. kroner i 1996. Det var tidleg på hausten klart at likviditetssituasjonen ville bli vanskeleg på slutten av året. I november melde fleire aviser om rot i Naturvernforbundet, og vår handtering av TV-aksjonsmidlane kom i søkjelyset. Det vart etter kvart kjent for sentralstyret og landsstyret at resultatet for året ville bli mindre enn tidlegare budsjettet, men sentralstyret fekk først 19.desember opplysningar om at det gjekk mot underskot i 1997.

#### 2. Utviklinga i 1998, fram til 12. mai

19. januar 1998 la økonomisjefen fram for sentralstyret førebels opplysningar om at rekneskapen for 1997 ville gje eit resultat 1,75 millionar därlegare enn revidert budsjett for 1997. Konsekvensen var at likviditeten i 1998 ville bli därlegare enn det som budsjettet la til grunn.

9. februar reagerte sentralstyret med å vedta kostnadsreduksjonar på 1.5 millionar samanlikna med driftssituasjonen pr. 31.1., som vart presentert på møtet. Sentralstyret bad om eit revidert budsjett for 1998 med eit overskot på 1,5 mill. kroner. Styret bad om å vurdere fleire tiltak for å redusere kostnadene og å oppnå ein akseptabel likviditet, m.a. for å sikre dekning av TV-aksjonsprosjekta.

8. mars: Likviditetssituasjonen er framleis vanskeleg, m.a. fordi banken har varsle restriksjonar på driftskreditten. Sentralstyret bed om ein konkret plan innan 11. mars for å oppfylle likviditetsbudsjettet fram til 1. april. 19. mars skriv revisor at forbundet "overveiende sannsynlig driver for kreditors regning".

27. mars presenterer økonomisjefen eit nytt budsjett, som òg var sendt landsstyret, med eit overskot på 1,704 mill. kroner. Av dette var 400 000 kroner inntekter som kunne vere usikre. Den

same dagen varsla Sparebanken NOR at dei ville ha sakleg grunnlag for å seie opp kassakreditten 1. april dersom forbundet ikkje innan den tid hadde følgt opp ein del krav frå banken.

27. mars leverte også advokatfirmaet Smith Grette Wille ei vurdering av den økonomiske situasjonen i forbundet. Dei vurderte situasjonen som prekar og "det må tas kraftige forholdsregler for å bedre likviditeten og sikre en resultatforbedring som kan bringe forbundet ut av sin økonomiske krise". Mellom anna rådde dei til kostnadskutt som sette forbundet i stand til å betre likviditeten med 1 mill. kroner og auke det budsjetterte overskotet tilsvarende.

Dette såg ikkje sentralstyret på det tidspunktet realistisk å få til, men styret rådde den 27.3. landsstyret til å vedta kostnadskutt som betra likviditeten i 1998 med minst 0,6 mill. kroner og auka det budsjetterte overskotet tilsvarende ut over framlegget til revidert budsjett med 1,6 mill. kroner i overskat.

Dette slutta landsstyret seg til 28. og 29. mars. Landsstyret bad òg sentralstyret om å vurdere større kostnadskutt dersom den økonomiske utviklinga krev det, å arbeide for å skaffe nye inntekter og å tinge med kreditorane og fylkeslaga om ein frivilleg gjeldsreduksjon. Nye inntekter skal gå til å betale gjeld.

I møte 25. april signerte sentralstyret rekneskapen for 1997, med eit driftsunderskot på kr. 4.095.724 for forbundet, medrekna 2 mill. kroner i avsetning for eventuelt tap av lån til Naturvernforbundets Markedskontakt A/S. Balansen viste ein negativ eigenkapital på nesten 7,4 mill. kroner, mot 1,6 mill. i 1996. Dei negative tala var større enn det som tidlegare hadde vore kjent.

I det same møtet vedtok sentralstyret å kalle inn til ekstraordinært landsstyremøte 10. og 11. mai, på bakgrunn av eit brev 23. april der landsstyrerrepresentantane frå 5 fylkeslag bad om eit slikt møte.

Den 9. mai vedtok sentralstyret mot to røyster å rá til ei rekke tiltak for å betre den økonomiske situasjonen, m.a. å redusere sekretariatet, kostnadene med publikasjonane mm. I landsstyremøtet 9. og 10. mai fekk dette framlegget ikkje tilslutning, og sentralstyrefleirtalet endra sitt framlegg etter debatten i landsstyret. Dette endra framlegget, som bygde på budsjettet frå leiaren og administrasjonen, vart vedteke med eit unnatak, som galdt reduksjon av kostnadene til publikasjonane.

I møtet sette 5 landsstyrerrepresentantar fram eit forslag om mistillit til leiaren. Forslaget fekk fleirtal, mot 11 av 26 med røysterett, og Heidi Sørensen gjekk av som leiari tysdag 12. mai. Etter dette overtok Erik Solheim som leiari.

### 3. Den økonomiske utviklinga etter 12. mai

19. mai sende forbundet brev til kreditorane pr. 13.5. med oppmoding om å godta betalingsstans fram til 25. juni. Forbundet hadde 12. mai søkt Miljøverndepartementet om 2 millionar kroner i ekstra driftsstøtte, og denne saka ville etter opplysingane på det tidspunktet komme opp i Stortinget 19. juni. Ei slik støtte ville gå til å betale gjelda. Pengestraumen inn til forbundet hadde stansa, og den 13. mai mangla det knapt halvparten av dei 650 000 kroner som skulle ut som løn og feriepengar i juni.

5. juni fekk vi brev frå Miljøverndepartementet, etter at saka hadde vore oppe i regjeringa, om at departementet ikkje kunne støtte forbundet så lenge våre plikter overfor TV-aksjonen ikkje var juridiske eller økonomisk avklara. Etter dette rådde økonomisjefen forbundet til å gå til skifteretten. Sentralstyret var ikkje sikre på at nokon annan utveg var realistisk, men valde å satsa på å halde det gåande. Alle andre alternativ såg vi som ei dårligare løysing for forbundet.

Likviditetsproblema var nå kritiske. Det var altså usikkert om forbundet kunne betale løn til tilsette i juni, og forbundet stod utan evne til å innfri gjelda på 2 mill. kroner til kreditorane pr. 13. mai. Drifta av forbundet i 1. kvartal hadde gått med overskot, og nye kostnader var avgrensa til det mest nødvendige for minimumsdrift. Likevel kunne vi i ein periode ikkje betale alle nye rekningar. Gjelda auka. Forbundet dreiv for kreditors rekning. Det kunne ikkje være lenge utan at forbundet og sentralstyret vart ståande med eit rettsleg ansvar for situasjonen.

16. juni gjekk sentralstyret inn for vidare kostnadskutt, m.a. gjennom å redusere sekretariatet med 13 stillingar. Landsstyrefleirtalet var ikkje innstilt på så kraftige tiltak, og i møte 20.-21. juni valde fleirtalet i sentralstyret å slutte seg til ein mindre omfemnande tiltakspakke som vart samråystes vedteken. Pakken bygde m.a. på at kreditorane godtok null utbetaling i 1998.

Det var nå ein hektisk kamp med tida, om nye inntekter og lågare kostnader, rådføring med juristar mm. For å komme vidare, måtte vi oppnå tillit hos kreditorar og andre, mogelege støttespelarar. Vi måtte be kreditorane om vidare betalingsutsetting, utan å kunne fortelje noko meir. Det einaste som var intakt, var håpet om å få til ei løysing.

Det var vesentleg å få til ei gjeldsordning med kreditorane. Eit avgjerande grunnlag for å få til ei slik ordning var å snu drifta, slik at forbundet kunne gå med stort nok overskot til å betale nye

kostnader, og å betale gjelda. Brev til kreditorane gjekk ut 31. august, med tilbod om tilbakebetaling i løpet av 3 år (1999-2001), mot at kreditorane ikkje gjorde krav på rente og gebyr. Brevet hadde òg ei oppmoding om å ettergje eller redusere krava. Brevet var i samsvar med vedtak i sentralstyret 13. august. I dette møtet kunne økonomisjef Marius Gjerset melde om ein "positiv stabil" situasjon på ettersommaren. Inntektene var litt større og utgiftene litt mindre enn budsjettet. Etter ei tid ettergav 43 kreditorar 213 000 kroner, og dei andre 127 aksepterte tilboden.

Det neste var å få til ein akseptabel avtale med OBOS om å flytte ut av eller leige ein mindre del av Hammersborg torg 3. OBOS gjekk med på å løyse oss frå leigeavtalen utan vederlag for resten av avtaletida. Dei ettergav òg ein vesentleg del av husleiga som vi ikkje hadde betalt for 1998. Med Xerox fekk vi ei ny kopieringsavtale, som innebar at dei ettergav vår gjeld på 200 000 kroner. Sekretariatet flyttet i slutten av november inn i Skippergata 33, etter ein stor og frivilleg innsats frå dei tilsette med oppussing av lokala.

Det økonomiske sluttresultatet for året går fram av rekneskapen.

#### 4. Norges Naturvernforbunds Venner (NNVV)

I juni tok Kjell Baalsrud initiativet til å mobilisere medlemer i Naturvernforbundet bak ei innsamling til forbundet. Ideen var å be utvalde personar om å gje tilslagn om midlar dei kunne stille til disposisjon gjennom utlån til NNVV, som så kunne låne ut pengar til forbundet. Tiltaket var svært vellukka, og etter mange nok tilslagn var *Norges Naturvernforbunds Venner* skipa 29. august, av Kjell Baalsrud, Ragnhild Sundby og Ragnar Vik. Ved årsskiftet disponerte foreninga vel ein million kroner.

Dette tiltaket har vore av svært stor verdi for forbundet. For det første gav det oss ein likviditetsreserve som har gjort vår økonomiske situasjon vesentleg tryggare. Ved årsskiftet hadde forbundet eit rentefritt lån frå NNVV på 550 000 kroner. For det andre demonstrerte tiltaket tillit til forbundet, og det gav ein viktig signaleffekt til omverda.

#### 5. Administrasjon av sekretariatet

19. juni sa generalsekretæren opp. Det same hadde økonomisjefen gjort 5. juni, og ho forlet sekretariatet 25. juni. 25. mai hadde sentralstyret sett ned ei administrativ leirargruppe på 4 personar i sekretariatet.

Med ei akutt og delvis uoversiktleg økonomisk krisa var situasjonen vanskeleg utan ein økonomisk og administrativt ansvarleg person. Erik Solheim gjorde i sentralstyremøtet 24. juni framlegg om å engasjere ein utanforståande som dagleg leiar av forbundet for ei avgrensa tid. På visse vilkår slutta fleirtalet i sentralstyret seg til framlegget, men vedkommande fann ikkje grunnlag for å ta på seg oppdraget. Framlegget skapte oppstyr i organisasjonen. To av dei tre som var att av leiargruppa trekte seg frå oppgåvene, og Anny Eriksen trekte seg frå sentralstyret.

Etter vedtaket i landsstyret 20.-21. juni om nedskjeringar i sekretariatet gav leiaren Helene Bank, medlem av sentralstyret, mandat til å gjennomføre reduksjonane, som skjedde i dialog med NTL-klubben av dei tilsette. Helene Bank hadde også ein periode ansvaret for den daglege leiinga av sekretariatet, for avtaler om å setje ut økonomi- og rekneskapsarbeid, for kontakt med ein del eksterne samarbeidspartnarar og anna. Frå midten av juli overtok informasjonssjef Kåre Olerud den daglege leiinga av sekretariatet.

Erik Solheim hadde mellom anna ansvaret for, i samarbeid med økonomisjef Marius Gjerset og vår advokat, å førebu tilboden til gjeldsordning for kreditorane, i samsvar med vedtak i sentralstyret.

I den kritiske perioden var det rimeleg og nødvendig at sentralstyret tok seg av ein del oppgåver som normalt ligg til generalsekretæren. Samarbeidet i styret og mellom styret og sekretariatet vaist etter kvart ukomplisert og godt.

#### **Styrande organ**

- *Sentralstyret* har i perioden vore:

Heidi Sørensen, leiar til 12. mai 1998. Erik Solheim leiar frå 12. mai 1998.

Per Flatberg og Yngve Sjøgreen Foss, styremedlemer i heile perioden.

Anny S. Eriksen, styremedlem til 24. juni 1998.

Helene Bank, 1. varamedlem til 12. mai 1998, så fast styremedlem og seinare nestleiar.

Halfdan Wiik, 2. varamedlen og Annndi Lomeland Jacobsen, 3. varamedlem.

Representant for dei tilsette var først Reidar Evensen, så Tor Brostigen, Tom Erik Økland og frå hausten 1998 og ut perioden, Thor Midteng.

Representant for Natur og Ungdom: Alfred Fidjestøl. Vara: Ingvild Melvær Hanssen.

Repr. for Blekkulfs Miljødetektiver: Sissel Bugge ut 1998, seinare Andrew Kroglund.

Sentralstyremøte i perioden (talet på saker i parentes): 1997 - 6 (78). 1998 - 20 (130). 1999 - 4 (46),  
Dette er tala pr. 12.04.99.

- *Landsstyret* har vore samansett av sentralstyret og desse medlemmene (varamedlem står i parentes):  
Ragnar Johnsen (Sidsel Skinnarmo) fra Østfold, Sidsel Selvik (Hans Alvim) fra Oslo og Akershus,  
Inger-Lise Fiskvik (Øyvind Antonsen) fra Hedmark, Thomas Klevmark (Nina Henriksen) fra Oppland,  
Marit Berglia Hovind (Trond Høvik) fra Buskerud, Ragnhild Trosby fram til mai 1998, så Terje  
Gustafsson (Agnete Dale Tessem) fra Vestfold, Tone Skau Jonassen (Øystein Dalland) fra Telemark.  
Rune Sævre (Line Mørch trakk seg i juli 1998) fra Aust-Agder, Torbjørn Fredriksen (Finn Erik  
Klausen) fra Vest-Agder, Aastein Aase (Finn Erik Klausen) fra Rogaland, Edvard Sandvik (Ingvill G.  
Sæberg) fra Hordaland, Eli Heiberg (Astrid Kalstveit) fra Sogn og Fjordane, Ola Fremo (Kirsti M.  
Oterhals) fra Møre og Romsdal, Ottar Michelsen (Randi Saksvik) fra Sør-Trøndelag, Vigdis  
Andreassen (Kjell Arnfinn Aune) fra Nord-Trøndelag, Arne Langset (Siv Heidi Ruud) fra Nordland,  
Ragnar Grapé (Marianne Iversen) fra Troms, Astrid Sween (Torill Eriksen) fra Finnmark.  
Frå dei tilsette: Tom Erik Økland. Thor Midteng, vara.  
Natur og Ungdom: Alfred Fidjestøl og Ingvild Melvær Hanssen. Vara: Yngva M. Celius og Silje  
Strand.

Blekkulf: Andrew Kroglund.

Regnskogfondet: Yngve Lorentzen.

Landsstyremøter (saker i parentes): 1997 - 3 (17). 1998 - 5 (53). 1999 - 1 (13), pr. 12.04.99.

#### Styrer, råd og utval

*Naturvernforbundet har voret representert i følgjande styre, råd og utval:*

Naturvernforbundets Markedskontakt A/S, styret: Tutta-May Endresen, Knut Martin Johansen og

Asgeir Thorsheim

Blekkulfs miljødetektiver, sentralstyret: Marit B. Haavind (fra august 1997) og Ottar Michelsen

(innvalgt i styret i juni 1998).

Miljøheimevernet, styret: Jan M. Vevatne, styreleiar.

Regnskogsfondet, styret: Dag Arne Høystad

Grønt arbeidsliv i praksis (GRIP), styret: Heidi Sørensen fram til 1.7.98, Jan M. Vevatne frå 1.1.99.

Samarbeidsrådet for natursaker (SRN): Leiaren og Thor Midteng

FNs matvareorganisasjon (FAO): Arne Langseth

Reguleringsrådet for fiskeriene: Bente Aasjord

LOs miljøforum: Per Aunet fram til 1.10.98, seinare Helene Bank.

Environment Nortern Seas (ENS): Heidi Sørensen

Bioteknologinemnda: Karen-Johanne Baalsrud. Fra 1998 Karl Georg Høyer.

Aksjon nærmiljø og trafikk: I perioden har desse representert Naturvernforbundet: Sveinung Ostdal,

Anne-Johanne Enger og Anders Jordbakke.

Kontaktutvalet for Nordområda: Thor Midteng. Astrid Sween fra 1998.

Det norske Skogselskap: Thor Midteng

Rådgjenvande og konfliktløysende barskogutval: Erik Solheim, Arne Moksnes, Sigmund Hågvar og

Thor Midteng

Finsefondet: Arild Ådnem

Nasjonalutvalet for internasjonale miljøspørsmål: Aina Edelmann. Helene Bank.

Statens næringsmiddeltilsyn: Ragnhild Sundby

PROSUS (Tidl. Alternativ Framtid): Helene Bank

Forbrukarrådet: Heidi Sørensen

Energiutvalget: Heidi Sørensen

Prosjektrådet for Bioenergigården: Tore Brænd

#### Komitear, råd og utval i Naturvernforbundet:

Vassdragsvernrådet: Erik Solheim (leiar til desember 1998), Svein-Thore Jensen (leiar frå desember 1998), Per Flatberg, Geir M. Køien, Line Andersen, Bjarne Kylling, Kjetil Bjørklund, Jon Sylte, Bjørn Ervik (vara) og Øystein Aas (vara).

## **Medlemstal**

31.12.97: 23.466

31.12.98: 22.954

Den sikraste målestokken for medlemstalet får vi når vi ser på tala ved utgangen av kvart år. Da er purringane avslutta og alle som ikkje har betalt kontingensten er stroke frå medlemslista. Tal frå andre tider på året er usikre.

## **Sekretariatet**

Generalsekretær til 1.7.98 var Terje Kronen. Sekretariatet var fram til då organisert i 8 seksjonsjoner. Desse var: Naturarv, Energi, klima, samferdsel, Berekraftig produksjon og forbruk, inkl. Barentshavkontoret og Nordsjøkontoret., Organisasjonsutvikling, Informasjon og samfunnkontakt, Medlemsservice og marknadsarbeid, Økonomi og kontoradministrasjon, Redaksjonen.

Frå 1.7.98 var vi utan generalsekretær og sentralstyret tok over ein del av den administrative leiinga. Frå juni var Helene Bank sentralstyret sin kontaktperson andsynes dei tilsette i samband med landsstyrevedtaket om kostnadsreduksjon. Ein periode i juni hadde sekretariatet ei leiargruppe på 4 personar. Kåre Olerud tok frå juli den daglege leiinga av kontoret ved sidan av at han haldt fram som informasjonssjef. Sekretariatet vart då reorganisert. Inndelinga i seksjonar var meiningslaus etter reduksjonen av talet på tilsette. Jan M. Vevatne kom tilbake frå permisjon 1.7.98 og gjekk inn igjen som organisasjonssjef i 1/2 stilling. Thor Midteng tok på seg ansvar for å koordinere fagarbeidet. Marius Gjerset vart tilsett som økonomisjef frå 01.08.98. Desse fire utgjorde då leiargruppa i sekretariatet.

Det vart sett to hovudmål for leiinga av sekretariatet:

- Minimalisering av administrasjonsarbeidet.
- Maksimalisering av innsatsen for å gjøre Norges Naturvernforbund synleg i media og til stades der det trengst lobbyverksemeld.

I tillegg vart det lagt vekt på å utvikle sekretariatet som service- og koordineringsorgan for heile organisasjonen. Sjå eiga omtale på annan stad.

Landsstyret tilsette Jørund Ubøe Soma som ny generalsekretær på møtet i januar 1999. Han tok til i stillinga 1. februar og tok over den daglege leiinga av sekretariat frå mars i år.

## **Informasjon**

a) *Opinionsbyggjing er ei hovudoppgåve*. Ei viktig oppgåve for Norges Naturvernforbund er å bygge ein sterkest mogleg opinion for naturvern og miljøvern. Naturvernforbundet har ikkje avgjerdsmakt. I eit demokrati ligg denne makta hos dei folkevalde politikarane. Også næringslivsleiarar tek viktige avgjerder. Politikarane må ha støtte frå veljarane for å bli valde. Dei treng støtte i opinionen for sine vedtak. Næringslivet må også ta omsyn til opinionen, eller marknaden, som dei ofte kallar det sjølve. Naturvernforbundets opinionspåverkande eller opinionsbyggjande arbeid kan vi med eit felles omgrep kalle *informasjon*. Dette utvida informasjonsomgrepet femner om nær sagt alt Naturvernforbundet gjer, fagarbeid og sakshandsaming, prosjekt, aksjonar, kampanjar, bruk av media til å gjøre sakene våre synlege, lobbyverksemeld, blada våre og anna informasjonsmateriell.

Sekretariatet har sett dette synet om til praksis gjennom integrering: Fagsaker, informasjon og organisasjon heng saman. Nokre har hovudsvarer for fag, info og organisasjon kvar for seg, men alle medarbeidarane har hatt medansvar for heilskapen. Slik har vi lukkast med å styrke *organisasjonen* gjennom fag- og informasjonsarbeid, slik har *fagarbeidet* fått auka tyngde, og slik har vi fått breiare gjennomslag for *informasjonen*. Eit godt døme er "Den store giftjakta", som er omtala på annan stad i meldinga.

b) *Pressemeldingar*. I perioden er det sendt ut i alt 134 pressemeldingar. Fleire av desse er resultat av samarbeid med fylkeslag, lokallag og frivillige.

c) *Informasjonsmateriell*. Det er laga 4 "Ideehefter om frivillig arbeid med Lokal Agenda 21". Det er og laga ei informasjonsbrosjyre om forbundet og ein verlefaldar. Sjå omtale under "Organisasjonsutvikling". Lagsbrevet "Naturvern Internt" kom ut med 2 nummer i 1997 og 3 i 1998. Det har ikkje vore kapasitet til å produsere lagsbrev etter reduksjonen av sekretariatet.

### **Redaksjonen**

Som ein følgje av den økonomiske situasjonen er redaksjonen redusert med ein person, 25 prosent. Frå mai 1998 var det tre tilsette, Tom Erik Økland, redaktør, Jens Petter Toldnæs og Kristian Jahre.

Produksjonen av N & M Bulletin og temabulletinen er som før, men magasinet kom i 1998 med berre fire nummer, mot normalt seks. Då dette vart vedteke, var meinings å ha like mange sider i de fire nummera som i dei tidligare seks. Dette har ikke vore mogeleg på grunn av sviktande annonsesal og færre tilsette i redaksjonen.

### **Natur og miljø - medlemsbladet**

Det har komme ut 9 nummer i siste landsmøteperioden, av dette eitt dobbelnummer. Mellom hovedoppslaga var Øvre Otta, Den store giftjakta, klimaproblematikk, ny generalsekretær og sivil ulydnad.

I 1998 vart bladet lagt om til A4-format, som er noko rimelegere enn vårt tidlegare format. Det vart dessutan vedteke å la 16 sider av bladet være i svart/kvitt.

Nytt av året er "gjenbruk" av stoff fra temabulletinane i magasinet. Årsaka til dette er at temabulletinen i liten grad går til medlemene. Bulletin-stoffet står som eigne temasider langt bak i magasinet.

Opplaget for magasinet er nå på om lag 23 000 blad.

I tråd med arbeidsprogrammet for perioden er magasinet utvikla som medlemsblad ved at meir stoff handlar om saker som forbundet arbeider med.

### **Natur og miljø Bulletin - nyhendebladet**

Hausten 1997 kom det ut 11 nummer og i 1998 21 nummer, av dei eit dobbelnummer. Til nå i 1999 er det gjeve ut ti nummer. Opplaget er for tida 5500. Bulletinen er framleis det fremste nyhendebladet i landet om miljøstoff. Bulletinen fyller ti år i år.

Det kom ut åtte temanummer i perioden. Nokre av emna var klimaproblematikk, LA21, energi, rovdyrproblematikk, miljøteknologi og avfall. Trykt opplag ligg litt over 7000 eksemplar. Nær 1000 eksemplar går til vidaregåande skular.

### **TV-aksjonsprosjekta**

Dessé prosjekta har vore svært vellukka. Det er ein av årsakene til at Norges Naturvernforbund har prioritert dei og skaffa tilleggsfinansiering godt ut over det som blei vår andel pengane fra TV-aksjonen Miljø for livet. Prosjekta er omtala under kvart einskild saksområde der dei hører heime.

## **Blekkulfs miljødetektiver, Natur og Ungdom**

### **Blekkulfs miljødetektiver**

Blekkulfs Miljødetektiver har lagt bak seg en vanskelig periode i klubbens historie. Organisasjonen har opplevd en inntektsvikt, både i forhold til negativ medlemsutvikling, lave driftsbevilgninger fra statlig hold og midlertidig stopp i overføringer fra Naturvernforbundet. Det har vært variabel aktivitet i lokallagsapparatet. Samtidig har organisasjonen bitt seg fast og befestet sitt renomé som en seriøs organisasjon for barn, ikke minst gjennom solide, pedagogisk tilpassede publikasjoner. Flere viktige samarbeidsavtaler er inngått mot slutten av perioden. Disse vil gjøre at Blekkulfs Miljødetektiver revitaliseres inn mot neste årtusen. Dette gjelder blant annet et samarbeid med NSB. Organisasjonen har også satset mer på formidling av budskapet sitt gjennom kulturelle aktiviteter, så som dukketeater, tegnefilm, musikk og danseshow. Organisasjonen har også tatt skritt for å knytte til seg hovedsponsorer.

### **Natur og Ungdom**

Natur og Ungdom kan se tilbake på to år med mye aktivitet. En hovedsak har vært arbeidet med klima og energi, hvor hovedvekten i begynnelsen av perioden lå på kamp mot gasskraftverk. Ettersom det gikk mot seier i saken har NU fortsatt klimaarbeidet, men fokusert mer på det høye oljeutvinningstempoet med Snehvit som symbolsak.

I løpet av de årene har en fått i gang Kollektivkampanjen, et samarbeid med Norges Naturvernforbund og fagbevegelsen. Kampanjen har samlet inn fotavtrykk for bedre kollektivtilbud fra 30 steder i landet og arrangert en busstur fra Trondheim, langs kysten til Oslo og Lillehammer. Natur og Ungdom støtter fortsatt ungdom på Kola i arbeidet for en selvstendig ungdomsorganisasjon;

Ungdoms GAIA holdt sitt første årsmøt i 1997. Gjennom landbruksjobbinga har NU samarbeidet med Norges Bygdeungdomslag om å stille krav til rekruttering og miljø under jordbruksoppkjøret. Grønt Spa'tak som er arrangert for 6 gang er også utvidet til å tilby ungdom mulighet for å delta på beitetilsyn i rovdyrutsatte områder. I tillegg har NU engasjert seg i barskogvern, mot etablering av Regionfelt Østlandet og Regionfelt Nord-Norge, for en bedre distrikspolitikk og mer forsvarlig forvaltning av fiskeriressursene. Pr. 31.12.98 hadde NU 6000 medlemmer.

#### Naturvernforbundets markedskontakt A/S (NMK)

NMK er eit aksjeselskap med Naturvernforbundet som eineeigar. NMK sel annonsar for Naturvernforbundet, Blekkulfs miljødetektiver, Natur og Ungdom og Flyktningerådet. NMK har 12 tilsette. Bruttosal i NMK var i 1998 vel 11 millionar kroner. Selskapet ventar at omsetninga vil auke til 13 millionar i 1999.

### Kamp for naturarven

Omtalen under kvart innsatsområde er ordna under overskrifter som inneholder underpunkt i arbeidsprogrammet for perioden.

Det siste året har Thor Midteng vore einaste tilsette på området kamp for naturarven.

#### Påvirke og følge opp Stortingets behandling av rovviltnedsettinga, slik at levedyktige bestander av de fire store rovdylene kan sikres.

Rovviltnedsettinga ble behandlet i Stortinget i juni -97. Kjerneområdet for jerv i Nord-Norge ble opphevret, det tilsvarende området i sør skulle justeres. Kjerneområdene for bjørn ble heldigvis opprettholdt - takket være intens lobbyvirksomhet fra bl.a. Naturvernforbundet i sluttfasen i Stortinget. Det ble trukket opp visse grenser for hvor jerven og gaupa ikke var ønsket, likeledes at ulven ikke skulle få lov til å etablere seg i områder med samisk tamreindrift. Såvel erstatningsordninger som midler til forebyggende tiltak skulle tilligge Miljøverndepartementet - noe vi hadde argumentert i mot; dette hører mer naturlig hjemme i Landbruksdepartementet.

Noe helt nytt var Stortingets vedtak om opprettelse av et sentralt, samt fylkesvise rådgivende organer, samt en prøveordning med kommunalt oppnevnte nemnder for jerv og gaupe. Nemndene skulle ha forvaltningsansvar direkte underlagt DN og med fylkesmannens miljøvernnavdeling bare som rådgivende organ.

Ellers var det Stortingets vilje generelt at det både skulle bygges opp livskraftige, levedyktige bestander i Norge av alle de store rovdylene samtidig som utmarksbeitet av sau skulle fortsette.

Naturvernforbundet har gjennom hele to-årsperioden engasjert seg meget aktivt i den løpende debatt og også markert seg gjennom påklagning av vedtak for både jerv og bjørn. Spesielt opptatt har vi vært av å sikre en levedyktig bestand av jerv i sør-Norge, og gikk i den forbindelse mot en reduksjon av det sør-norske kjerneområdet. Når det gjelder bjørn, har vi pålaget antallet av betingede tillatelser samt konkrete gitte skadefellingstillatelser - ut fra den betrakting av vi er i en oppbyggingsfase av denne arten i Norge. Ellers er vi blitt spesielt opprørt over gjentatte fellinger av radiomerkede forskningsdyr. Fellingen av bjørnen "Læfto" i Åmli i Aust-Agder våren -98 var så betenklig at vi anmeldet avskytingen og hele hendelsesforløpet til Arendal politikammer.

Kanskje enda mer graverende var DNs tillatelse høsten -98 om å felle en ulv i Stor-Elvdal og Ringebu kommune. Vi pålaget dette under henvisning til at Stortings målsetting om minst 8-10 familiegrupper i Sør-Skandinavia ennå ikke var nådd og at hvert individ var livsviktig å sikre. Vi nådde ikke fram med vår klage.

Det gjorde vi derimot i mars -99 i Oslo namsrett i forbindelse med at DN bestemte seg for å felle et etablert ulvepar vest for Glomma i Stor-Elvdal. Vi pålaget vedtaket men Miljøverndepartementet opprettholdt DN's vedtak. Sammen med foreningen Våre Rovdyr brakte vi saken inn for namsretten som ga oss rett på alle våre ankepunkter. Dermed måtte den påbegynte jakta stoppes og de to foreningene sammen med WWF gikk i slutten av mars til Oslo byrett med en ordinær stevning for å få kjent Miljøverndepartementets vedtak endelig ugyldig (Namsrettens vedtak innebar bare en foreløpig utsettelse).

Når det gjelder de nevnte rådgivende organene, er disse påfallende skjevt sammensatt. SRN har fått bare 1 plass i det sentrale utvalget. Norges Naturvernforbund har hatt denne plassen i perioden. (Vi ønskte forgjeves å få en plass for oss selv.)

I de fylkesvise rådgivende organene er våre fylkeslag representert. Erfaringene har vært noe delte. I Hedmark og Aust-Agder har våre representanter følt seg så misbrukt at de har trukket seg fra vervene.

Totalt sett må det vel kunne slås fast at forbundet har markert seg meget godt på dette arbeidspunktet i årsmøteperioden.

#### Sikre at alle verneverdige barskogsområder får et vern

Det har vi ikke oppnådd. Men i likhet med rovdyrarbeidet, har Norges Naturvernforbund som organisasjon også på dette programpunkt utført et betydelig arbeid. Spesielt aktivt har NOA vært i sitt kontinuerlige arbeid for forsvar av naturskog og nøkkelbiotoper, men også Nord-Trøndelag og Nordland har markert seg på en aktiv måte i forsvarer av verneverdige områder.

Gjennom vår deltagelse i det såkalte Levende Skog-prosjektet arbeidet vi også aktivt for en forpliktelse for skogbruksnæringen om å unngå veibygging og hogst i registrerte verneverdige områder som befinner seg på fylkesmennenes "bruttolister" i det pågående arbeidet med å supplere verneplanen for barskog. Dette ble til en viss grad oppnådd gjennom veistandarden der det heter: "Ved planlegging av nye veianlegg skal skogeier dokumentere at at veibygging over områder med registrerte spesil miljøverdier unngås. I større sammenhengende skogarealer som har spesielle verdier for miljøvern og friluftsliv i kraft av lite omfang av tekniske inngrep, skal nye veianlegg søkes unngått. Det samme gjelder vegbygging i klasse 3-områder i arealdele av kommuneplanen for varig vernede vassdrag."

Under standarden om biologisk viktige områder ble det også slått fast at: "Naturskogens kvaliteter i det produktive skogarealet skal ivaretas."

Ellers har vi gjentatte ganger oppsøkt Landbruksdepartementet (fysisk og skriftlig) med krav om innføring av meldeplikt for hogst i registrerte bruttolisteområder.

Vi har også hatt møter med såvel Landbruksdepartementet og Miljøverndepartementet om behovet for en ytterligere utvidelse av verneplanen for barskog, spesielt for de store (over 10 km<sup>2</sup>) villmarksområdene i skog - som det ikke er plass til innenfor den vedtatte utvidelsesrammen på 120 km<sup>2</sup>. Våren -99 la Landbruksdepartementet fram en ny skogmelding der også en evt. utvidelse av verneplanen for barskog ble drøftet. Departementet innser beovet for mer barskogvern, men er svært diffuse på hvordan man skal få dette til. Naturvernforbundet har derfor presset på, gjennom hele siste to-årsperiode og spesielt i vårsesjonen -99 (overfor næringskomiteen i Stortinget) om at det er skogbrukets ansvar å hindre veibygging og hogst i de små restene vi har igjen i Norge av verneverdig naturskog. Dette er forbundets viktigste skogtema og vi har gått til aksjoner (i Oslomarka) og engasjert våre internasjonale nettverk i denne kampen.

#### Få på bena en ordning for FSC-sertifisering i Norge

Norges Naturvernforbund, sammen med bl.a. WWF, var også representert i det såkalte sertifiseringsutvalget som fulgte i kjølvannet av standardarbeidet i Levende-Skogprosessen. Hele prosjektet ble avsluttet 1. juli 1998. Den økologiske siden i sertifiseringsutvalget (NNV, WWF og SABIMA (Samarbeidsrådet for biologisk mangfold) sammen med deler av den sosiale siden (FRIFO og Stiftelsen Miljømerking i Norge) arbeidet hele tiden for å få gjennomslag for at de vedtatte Levende-Skog-standarder måtte brukes som grunnlag for en FSC-godkjent sertifiseringsordning i Norge. Slik mange av standardene var utformet, var de for vag og generelle. De måtte derfor presises og også tilpasses de vedtatte svenske FSC-standardene, hevdet vi.

Sertifiseringsutvalget som et hele tok ikke standpunkt til de aktuelle sertifiseingsordningene, men sa i sin konklusjon at "Sertifiseringsutvalget har beskrevet de aktuelle systemene, men vil ikke prioritere mellom dem." Det het imidlertid videre i konklusjonen at "Enkelte av organisasjonene i utvalget har tatt stilling til fordel for FSC-sertifisering, mens andre må avvente organisasjonsmessig behandling." Videre het det i konklusjonen fra hele utvalget: "For å gjennomføre en sertifisering i forhold til FSC er det imidlertid behov for en videreføring av arbeidet før praktiske løsninger kan være operative på det norske markedet. Det første skrittet i denne prosessen vil være å opprette en FSC-akseptert

arbeidsgruppe, med den sammensetningen som FSC krever. Arbeidsgruppens prioriterte oppgave vil være å fullføre en FSC-søknad og arbeider for en tilpasning og godkjenning av skogstandardene."

I nært samarbeid spesielt med WWF og FRIFO har forbundet fulgt prosessen etter at LS-prosjektet ble avsluttet. Det er foreløpig ikke grunnlag for å opprette en FSC-arbeidsgruppe i Norge fordi ingen næringsaktører ennå er beredt til å tre inn.

WWF har imidlertid, med skogaktører i en styringsgruppe, i april -99 lagt fram en rapport om forskjellene mellom den svenske FSC-standarden og de norske LS-standardene. Forhåpentligvis kan denne dokumentasjonen tjene som et push for å synliggjøre og motivere progressive skogeiere til å snuse nærmere på FSC-modellen.

**Arrangere minst ei samling med skog som tema som et tilbud til interesserte lokallag og fylkeslag**  
Samlinga fant sted helga 31.januar - 1. februar 1998 i forbundets lokaler på Hammersborg Torg. Første dag var viet *skog*, andre dag *rovdyr*. Nærmere 30 personer var samlet og seminaret må karakteriseres som vellykket.

**Arbeide for å fjerne statstilskudd til naturødeleggende tiltak som bygging av skogsbilveier og treslagskifte bort fra naturlige treslag i området**

Det siste punktet ble det fra vår side argumentert sterkt for i samband med deltakelsen i standardarbeidet i Levende Skog. Et kompromiss, som vi ikke er fornøyd med, ble oppnådd. Derfor vil dette temaet fortsatt måtte bli et viktig arbeidsfelt for organisasjonen.

Når det gjelder det første punktet, er det stadig blitt fremholdt fra såvel sentralt som lokalt hold i den løpende skogdebatten. Det er videre blitt sterkt poengert i våre offisielle kommentarer til den nylig fremlagte skogmeldinga fra Landbruksdepartementet.

**Vere pådriver for etablering av nye verneområde, og vere en aktiv pådriver i arbeidet med nasjonalparkplanen**

Som nevnt ovenfor, har vi gjennom hele perioden argumentert for behovet for en utvidelse av verneplanen for barskog. Gjennom vår deltagelse i såvel det sentrale som de regionale barskogutvalg har vi arbeidet for å sikre de mest verdifulle områdene innenfor de altfor snevre arealrammer. Når det gjelder nasjonalparkplanen, har våre berørte fylkeslag aktivt engsjert seg hva gjelder områder som Dovrefjell og Setesdal vesthei/Ryfylkeheiene. I april 1999 avga forbundet sin sentrale uttalelse (utarbeidet etter forarbeid av de to berørte fylkeslag) til forslaget om opprettelse av Forelhogna nasjonalpark med tilliggende landskapsvernområder.

Det må også presiseres at Naturvernforbundet kjempet, dessverre forgjeves, for å hindre veiinnngrep i den planlagte nasjonalparken i Øksfjord /Indrefjord i Nordland. Heldigere var vi derimot i arbeidet for å hindre vei mellom Bygland og Fyresdal i grensetraktene Aust-Agder/Telemark. I oktober 1997 sa Miljøverndepartementet endelig et endelig nei til disse planene - som truet flere naturreservater og som ville redusere omfanget av kvalifisert villmark i området betydelig.

**Sikre ei miljømessig forsvarlig forvaltning av verneområdene**

Til dette punktet er det spesielt grunn til å fremheve Naturvernforbundets konsekvente linje om at forvaltning av nasjonale verneverdier er et statlig ansvar. Vi har skriftlig og muntlig i samband med flere høringsuttalelser vært avisende til den generelle sterke trend fra Miljøverndepartementets side om delegering av forvaltningsansvar til kommunalt nivå av slike verdier. Vi føler vi står ganske alene på vernesiden med denne holdningen, men vi mener den er høyst berettiget.

Vår markante holdning på dette punkt har avført samfunnsdebatt og engasjement - med deltakere fra såvel sentralt som lokalt hold i Naturvernforbundet. Vi finner denne debatten meget viktig og vi mener at vi gjennom arbeidsprogramperioden har dekket dette programpunkt på en god måte.

**Arbeide for oppdatering av de nasjonale rødlistene, og for utarbeiding av fylkesvise rødlister**  
De nasjonale rødlistene er under oppdatering og spesielt registreringsarbeidet til Siste Sjanse, som administrativt sorterer under NOA, har bidratt til kunnskap om truede arter i skog - som har tilflytt DN's arbeid med oppdateringen av listene. Hva gjelder truede rovdyr, har vi også, sammen med en

rekke miljøorganisasjoner, fremmet forslag overfor DN om statusendring for flere arter (bl. a. bjørn og fjellrev).

Punktet om utarbeiding av fylkesvise rødlister, er ikke aktivt blitt fulgt opp.

#### **Arbeide for at leveområder for rødlisteartane blir sikret, enten ved automatisk vern av artene hvor dette er nødvendig eller ved arealbruk som ikke truer artene**

Norges Naturvernforbund har gjentatte ganger kritisert Landbruksdepartementet for at man ennå ikke har tatt initiativ til og bevilget midler til en landsdekkende registrering av nøkkelbiotoper i skog og dermed også grunnlag for sikring av rødlistearter. Hensynet til rødlisteartene var også sterkt fremme i standardarbeidet i Levende Skog der det ble slått fast at "Nøkkelbiotopregistreringer skal gjennomføres og verdiene i nøkkelbiotopene skal dokumenteres og ivaretas."

Gjennom registreringen til gruppa Siste Sjanse er også en rekke rødlistelokaliteter registrert og overfor skogeier anbefalt sikret.

Mer konkret til dette programpunkt må nevnes at forbundet i mars -99 henvendte seg i brevs form til Miljøverndepartementet med krav om endringer i naturvernloven. Her heter det bl.a.: "Vi treng eit generelt og strengt vern for alle raudlisteartane og deira leveområde. Eit slikt vern er naturleg å lovfeste i naturvernlova. Vi viser til at den svenske naturvernlova har fått ei ny prg. 21 om "biotopskydd". Denne regelen inneber at biotopar som er viktige for truaga artar, skal ha eit generelt vern. Eit tilsvarende prinsipp er nedfelt i den norske kulturminnelova, som gjev automatisk vern av forminne. Ein slik regel bør også naturvernlova få."

#### **Arbeide for å redusere motorisert ferdsel i utmark**

Dette har gjennom hele programperioden vært et meget høyt prioritert arbeidsfelt for flere av våre fylkes- og lokallag. Kanskje bør arbeidet til vårt fylkeslag i Finnmark i så måte fremheves spesielt. Vi har registrert stadig flere scooterer og også barmarkskjøretøy. Situasjonen på Finnmarksvidda er katastrofal, bl.a. på grunn av barmarkskjøring. Mange kommuners dispensasjonspraksis er snarere blitt regel enn unntak fra den nasjonale forskrift. Sporene fra Finnmark og Nord-Troms er i ferd med å bre seg sørover.

Forbundet sentralt har gitt ris til kommuner i Nord-Trøndelag (men noen kommuner fikk også ros) for sin dispensasjonspraksis og motarbeidning av intensjonene i motorferdselloven.

Debatten om motorferdsel toppet seg ved årsskiftet 98/99 ved at DN i et strategidokument til Miljøverndepartementet slo til lyd for at motorferdsellovens intensjoner skulle håndheves innenfor plan- og bygningslovens ramme og da med utstrakt delegert myndighet til kommunene. Et hovedtrekk i forslaget var at kommunene skulle sortere sine utmarksarealer i nasjonalt/regionalt "verneverdig" der motorferdsel etter beste evne skulle unngås, mens på de øvrige arealer skulle det være helt opp til kommunen/evt. fylkeskommunen, å bestemme omfanget av ferdelsen.

Et annet hovedtrekk var at DN ønsket å åpne for generell scooterferdsel på ubrøytede veier. I et langt og skarpt brev til departementet tok vi bestemt avstand fra DN's forslag i det vi karakteriserte dem som til dels naive og at de ville resultere i en dramatisk forverring av situasjonen. Brevet var skrevet på grunnlag av en intern høring blant våre fylkeslag og behandling i landsstyret. Stemningen i hele organisasjonen er samstemt og entydig hva gjelder synspunkter på DN's forslag.

**Kreve en endring i plan- og bygningslova for å skille landbruksformål og natur- og friluftslivformål i kommuneplanens arealdel, og ha anledning til å kreve forvaltningsplaner/konsekvensutredninger i kommuneplanens arealdel, og ha anledning til å kreve forvaltningsplaner/konsekvensutredninger for virksomhet i natur- og friluftsområder**  
Planloven er for tiden under revisjon. Et utvalg er nedsatt og SRN er representert i utvalget ved Torfinn Evensen fra DNT. Naturvernforbundet har gitt innspill via Evensen til utvalget om nettopp de hensyn og krav som dette programpunktet inneholder.

**Videreutvikle arbeidet gjennom Regnskogfondet, for å ta vare på de mest artsrike økosystemene på jorda, regnskogen, og integrere dette arbeide på alle nivå i organisasjonen**  
Naturvernforbundet sitter i styret for Regnskogfondet og søker gjennom denne kontakt å ivreta dette programpunktet. regnskogsfondet har tatt initiativ til en boikottaksjon mot møbelkjeder og

-forretninger som selger hagemøbler av regnskogstømmer som ikke er FSC-godkjent. Flere av våre lokallag deltok.

#### **Fremme forslag om Verneplan V for norske vassdrag**

Arbeidet med verneplanene for vassdrag har i stor grad vært samstemt og samkjørt innenfor SRN-forumet. I det alt vesentlige har alle de fire organisasjonene vært enige i strategien i vernearbeidet. Denne samstemtheten har vært en stor styrke og suksess, som ikke minst ble dokumentert gjennom det gode utfallet for verneplan IV.

Naturvernforbundet har gjentatte ganger tatt opp dette programpunktet i SRN-forumet, men SRN har dessverre ikke klart å samle seg om et sterkt, entydig krav om en verneplan V. Hovedårsaken til skepsisen, spesielt hos NJFF, har vært en frykt for at i arbeidet med en verneplan V ville man også risikere en revurdering av mange objekter innenfor spesielt verneplan I og II. Det kanskje aller viktigste motargumentet var at en verneplan V ville sette fortsatt eksistens av Samlet Plan for vassdrag i fare. Dermed kunne en verneplan lett bli oppfattet som et klarsignal til utbygging av de resterende vassdragene, hevdet NJFF.

Naturvernforbundet har på grunn av denne uenigheten innen SRN ligget noe lavt i terrenget for å få gjennomslag for dette programpunktet.

Gjennom vår deltagelse i energiutvalget, har vi imidlertid markert at vi går inn for en verneplan V.

#### **Gå imot all kraftutbygging ut over det som bare er opprustning med uvesentlige endringer i det regulerte vassdraget**

Naturvernforbundet har konsekvent forsvar og arbeidet for dette programpunktet i en rekke enkeltsaker. I løpet av siste del av programperioden har vi opplevd en rekke utbyggingssøknader. Av de store må spesielt nevnes Øvre Otta, hvor forbundets lokal- og fylkeslag, sammen med en egen lokal aksjonsgruppe, har arbeidet meget intenst hele programperioden. Også forbundet sentralt har arbeidet intenst med denne store saken - som vil bli avgjort av Stortinget i juni -99.

En annen stor sak som har dukket opp på nytt, er Saltfjellet. Den nystartede, gjenopplivede Saltfjellaksjonsgruppa, sammen med fylkeslaget i Nordland, har startet arbeidet med å hindre utbygging av de vassdrag som Statkraft i sin tid fikk konsesjon til, men ennå ikke startet arbeidet med å gjennomføre (Melfjord, Beiarn, Bjøllåga).

Av andre store utbyggingssaker som forbundet har arbeidet med i perioden, kan spesielt nevnes Hattebergvassdraget, Kjøsnesfjorden og Saudaprosjektet.

Naturvernforbundets vassdragsvernråd er fortsatt meget aktivt. Svein-Thore Jensen er nyvalgt leder. Flere nye grupper er etablert - som et resultat av det nye presset mot norsk vassdragsnatur.

#### **Sikre verna vassdrag**

Dette er en gjenganger i vårt vassdragsarbeid og fortsatt like vanskelig å gjennomføre. Å hindre andre ødeleggende inngrep enn utbygging i de vernede vassdragene, slik Stortingets klare pålegg gjentatte ganger har vært, er ikke lett. Vi opplever at bl. skogbruket, veimyndigheter og kommuneadministrasjon tar meget lett på denne oppgaven.

Som nevnt tidligere i denne meldingen, klarte vi gjennom Levende Skog-arbeidet å få inn en formulering om at nye veianlegg "skal søkes unngått" i klasse 3-områder i arealdelen av kommuneplanen for vernede vassdrag.

Tidlig i programperioden ble det stor interesse for å bygge mini- og mikrokraftverk - også i vernede vassdrag. Flere av våre lag og kontaktpersoner reagerte sterkt på dette og ba forbundet sentralt engasjere seg - hvilket vi også gjorde. Ganske snart ble det utarbeidet retningslinjer fra NVE og DN om bygging av slike verk. Spesielt for vernede vassdrag er retningslinjene og søknadsprosedyrene meget strenge - slik at vi kan vel si at planer om slike inngrep er under god kontroll i dag.

#### **Arrangere vassdragsseminar som skal være et tilbud til lokallag og samarbeidende organisasjoner**

Dette programpunktet er fulgt opp gjennom de årlige, vårlige vassdragsseminarene i SRN-regi. Seminaret i -98 var meget veldig med deltagelse av bl.a. Marit Arnstad, Jens Stoltenberg, Jesper Simonsen og Erling Diesen. Seminaret 27.-28. april 1999 hadde to hovedtemaer: energimeldinga og Øvre Otta.

**Følge opp "Flommeldinga" for å hindre ytterligere regulering av Mjøsa**  
Dette punktet er ivaretatt gjennom Øvre-Otta-arbeidet til aksjonsgruppa, vårt lokallag og forbundet sentralt. Et av våre argumenter har vært at Øvre Otta-utbyggingen bereder grunnen for en Nedre Otta-utbygging, inkludert heving av Rauddalsmagasinet.

#### Noen andre viktige naturarv-saker utover programsakene:

##### - Regionfelt Østlandet

Gjennom hele programperioden har forbundet arbeidet aktivt for å hindre Forsvarets planer om å beslaglegge 250 km<sup>2</sup> i Hedmark til et regionalt skyte- og øvingsfelt. Striden har vært meget bitter og hard. Dessverre tapte vi saken; i mars -99 vedtok Stortinget å legge feltet til Gråfjellet ved Rena.

##### - Kriterier for plassering av vindmøller

Forbundet har utarbeidet noen hovedkriterier for plassering av vindmølleparker.

##### - Samerettsutvalgets innstilling

Etter et grundig forarbeid av Naturvernforbundet i Finnmark, avgjorde forbundet i januar -99 sin uttalelse i denne kontroversielle saken. Fylkeslaget fortjener honnør for sitt langvarige engasjement i denne vanskelige saken.

##### - Skogsbiombo bygging ved Forra/Færen

Naturvernforbundet i Nord-Trøndelag og også forbundet sentralt engasjerte seg høsten -98 aktivt i Meraker Brugs klage på Meråker kommunenes avslag på søknad om veibygging nord om Færen. Vi skrev til fylkeslandbruksstyret, under påvisning av villmarksprøg og vernet vassdrag. Vi fikk faktisk medhold i klagen, ikke minst takket være en meget aktiv oppfølging fra fylkeslaget; en sjeldent og meget kjærkommen naturvernseier.

##### - Revåsen og Kreppa, Kragerø kommune

Naturvernforbundet opplevde en av sine andre og sjeldne seiere i samband med at Miljøverndepartementet i november -98 sa sitt endelige nei til bygging av bru over naturperlen Kreppa og etablering av boligfelter på Revåsen på Gumøy.

Ildsjelen Rolf Steinar Olsen har en meget stor del av æren for denne seieren.  
Det bør også nevnes at denne saken var den direkte foranledning til etablering av et lokallag i Kragerø.

## Kamp mot farlege klimaendringar

Det siste året har Tore Bræn vore einaste tilsette på dette området. Han har hatt hjelp av ei rekke frivillige.

### Stoppe bygginga av gasskraftverk i Noreg gjennom dei kanalane forbundet har, særleg ved å påverke opinionen

Norges Naturvernforbund har, saman med Fellesaksjonen mot gasskraftverk, Natur og Ungdom og dei andre miljøorganisasjonane arbeidd aktivt i 1998 for å stoppe bygging av gasskraftverk i Noreg. Naturvernforbundet har levert ei rekke høyringsfråsegner og klager på i samband med søknaden frå Naturkraft A/S om å bygge to gasskraftverk på Kollsnes og Kårstø. Naturvernforbundet har tatt del i den offentlege debatten og slik medverka til å halde oppe opinionen mot gasskraftverk.

Naturvernforbundet gjekk under høyringa mot gasskraftverk ved Borregårds fabrikkar i Sarpsborg. Dette prosjektet vart skrinlagt, offisielt av andre årsaker enn omsyn til miljøet. Naturvernforbundet har òg gått mot gasskraftverk på Tjeldbergodden i Møre og Romsdal og på Fiborgtangen i Nord-Trøndelag.

Sentralstyret har gått mot planane frå Hydro om å bygge eit såkalla "CO<sub>2</sub>-fritt" gasskraftverk fordi det er basert på ein ikkje-fornybar ressurs, og derfor ikkje er eit berekraftig innslag i energiforsyninga. Både Hydro-prosjektet og de andre gasskraftverka vil være eit steg i feil retning, og hindre overgangen til eit berekraftig energisystem med vekt på energisparing og utvikling av nye, fornybare energikjelder som bioenergi, vindkraft og solenergi.

### Arbeide for redusert energiforbruk og stimulere energisparing, meir effektiv utnytting

av energien og bruk av nye fornybare energikjelder, mellom anna ved auka offentlege løyvingar til forsking og stønad til utprøving. Når det gjeld bygningar over ein viss storleik må kommunane krevje vassborne oppvarmingssystem ved hjelp av plan- og bygningslova Naturvernforbundet har, gjennom avisinnlegg og gjennom representasjon i det offentlege energiutvalet som gav sin innstilling i juni 1998, medverka til å støtte opp om auka innsats for energisparing og bruk av nye, fornybare energikjelder. Regjeringa vil, etter Stortingsmelding nr 29 1998-99 "Omlegging av energiforbruk og energiproduksjon" auke kommunene si rolle i energi- og miljøsamanhang, mellom anna gjennom bruk av plan- og bygningslova i samband med energiplanlegging. Naturvernforbundet støtter ei storstila omlegging frå oppvarming med direkte bruk av strøm til vassboren varme.

Naturvernforbundet har framheva vindkraft som eit alternativ til både vidare vasskraftutbygging, gasskraft og import frå utlandet. Men vindmøller kan også komme i konflikt med naturverdiar. Av den grunn er vindkraft og omtala under "Kamp for naturarven".

Vindkraft er blitt mykje meir aktuelt i løpet av perioden. Signal frå styresmaktene om å satse på vindkraft i straumforsyninga har ført til ei rekke nye vindkraftprosjekt langs heile kysten frå Lindesnes til Finnmark. Plasseringa av konkrete einskildturbiner og vindparkar må derfor vurderast i forhold til sentrale natur- og miljøverdier på dei kvar lokalitet. Opplysningsar om sakshandsaming og konflikter om plassering av vindmølleparkar er henta inn frå systerorganisasjonane i England og Skottland. På basis av desse opplysningsane har forbundet laga eit faktaark om vindkraft. Lokal- og fylkeslag har også uttalt seg om fleire konkrete prosjekt. På grunn av redusert kapasitet i sekretariatet, blir alle dokument om konkrete prosjekt nå sende vidare til dei aktuelle fylkeslaga.

**Bremse olje- og gassutvinningstempoet gjennom konkret arbeid mot nye konsesjonar og mot opning av nye område**  
Sekretariatet har av mangel kapasitet nedprioritert dette arbeidet. Alle relevante dokument om opning av nye områder og nye konsesjonar er sendt vidare til fylkeslaga.

**I samarbeid med systerorganisasjonane våre i Danmark, Finland og Sverige ha laga ein nordisk energi- og klimaplan der reduserte CO<sub>2</sub>-utslepp, utfasing av atomkrafta og omsynet til biologisk mangfold og store og særskilde naturverdiar set rammene**

Norges Naturvernforbund står i stadig kontakt med våre systerorganisasjonar i ein rad viktige enkeltsaker innanfor energi- og miljøsamarbeid over landegrensene i Norden og Baltikum. Sekretariatet har mellom anna følt fleire mellomstatlege samarbeidsprosessar i det nordisk-baltiske området, og teke aktivt del i arbeidet med eit regionalt Agenda 21-dokument for energi- og miljø. Reduserte utslepp av klimagassar, utfasing av atomkraft og omsynet til biologisk mangfold og store og særskilde naturverdiar har vore ramma for innspel til det regionale Agenda 21-dokumentet og dei andre samarbeidsprosessane.

Naturvernforbundet har i eit høringsbrev og i avisinnlegg gått mot forlenga drifta av atomreaktoren i Halden.

**Vidareutvikle skuleprosjektet SPARE for å spreie informasjon om energisparing for miljøet si skuld og om nye fornybare energikjelder, samt for å redusere energiforbruket i dei skulane som deltek**

Skuleprosjektet SPARE ("Skoleprosjekt for anvendelse av ressurser og energi") er eit av våre TV-aksjonsprosjekt. Men midlar frå aksjonen har berre vore en liten del av finansieringa av prosjektet. Omfanget er så stort at det har vore nødvendig å skaffe hovedfinansiering eksternt. For 1997/98 kom midlane fra Utanriksdepartementet og EUs SAVE-program. I 1998-99 har vi berre hatt UD-midlar.

Rina Brunsell Harsvik var prosjektleiar fram til hausten 1998. Deretter overtok Dag Arne Høystad inntil vidare. Sivilarbeider Erlend Broli var knytta til prosjektet fram til årsskiftet 1997-98. Han vart avløyst av Alf Waage, i januar 1998.

**SPARE 1997-98:** 50 000 skuleelevar i 10 land deltok. Elvane utvikla fleire gode råd og tips for energisparing. Desse råda vart testa ut i praksis, og eleven sparde både energi og pengar for skulane sine. Vi har motteke hundrevis av teikningar.

Måleresultata frå norske deltakerskulene viste at dei sparde i gjennomsnitt 23% av sitt energiforbruk. Ein enøk-ekspert rekna på tala for avisar Vårt Land og kom fram til at store skular kan spare 100.000 kroner årlig. Dette skjer berre ved endring av vanar og utan tekniske investeringar. Det

er nettopp dette SPARE handlar om - å gjere elevane merksame på problema og å endre vaner og haldninger.

Desse landa deltok i prosjektet (talet på klassar i parentes): Estland (200 klassar), Finland (55), Latvia (150), Litauen (184), Polen (850), Russland (250), Skottland (150), Tsjekkia (285), Ungarn (60) og Noreg (230).

Som en del av prosjektet får alle klassane tilbod om å ha ein syskenklasse i et annet land. Dette er for å oppmuntre til kontakt mellom ulike land og til utveksling av ideer og røynsler frå SPARE-prosjektet. Responsen har vore svært bra både i Noreg og i dei andre landa.

Prosjektet vart avsluttet i juni med eit seminar i Polen for dei nasjonale koordinatorane. Målet med seminaret var at alle SPARE-koordinatorene skulle møtast for å evaluere prosjektet og resultata, drøfte ideer til utvikling av prosjektet og innspel til nytt SPARE-materiell.

**SPARE 1998-99:** 10 land har vore med også i år. Men uten EU-midlar har det bere vore mogeleg å støtte prosjektdrifta i seks land (talet på klassar i parentes): Polen (800 klassar), Russland (500), Latvia (135), Litauen (200), Estland (145) og Norge (146). I tillegg til desse seks har fire land skaffa prosjektfinansiering på eiga hand: Tsjekkia, Ungarn, Finland og Skottland. Frå desse landa har vi ikke sikre tal, men alt tyder på at omlag 50 000 elevar har delteke også i år. Responsen har vore svært bra. Vi har motteke bunkevis av brev, teikninger og resultat av energimålingar - og sparing på skulane. Rapporten er under skriving når dette vert ført i pennen.

Responsen på tilbodet syskenklassar har også vore svært god. Til saman har nærare 200 klassar bedd om å få ein syskenklasse i eit anna land.

Også i år vert det koordinator-seminar. Tid og stad er ikkje fastlagt i skrivande stund.

#### I samarbeid med lokale miljøgrupper i Nordvest-Russland gjere alternativa til

#### atomkraft (energisparing og fornybare energikjelder) synlege

"Alternativ til atomkraft i Nordvest Russland" er eit delprosjekt innan Norges Naturvernforbunds prosjekt Miljø i Russland (MIR). Det var profilprosjekt i TV-aksjonen 1996. MIR er finansiert av tilskot frå Miljøverndepartementet, Utanriksdepartementet, Barentsprogrammet og TV-aksjonen Miljø for Livet. MIR har utgitt en eiga årsmelding. Yngvild Lorentzen og Dag A. Høystad har vore prosjektleiarar i perioden. I tillegg har fleire lokal- og fylkeslag delteke.

Alternativ til atomkraft i Nordvest Russland er basert på samarbeid med lokale miljøgrupper i Russland og er ei forlenging av Norges Naturvernforbund si organisasjonsbygging i Nordvest-Russland. Dei lokale organisasjonane har koordinert arbeidet seg i mellom med hovudprioritet på vindkraft på Kola, bioenergi i Karelen og ENØK i St.Petersburg. Målsettinga for prosjektet er å gjere dei lokale organisasjonane i stand til å ta del i den energipolitiske debatten. I samarbeid med Norges Naturvernforbund har organisasjonane bidratt med konstruktive innspel og konkrete alternativ til vidare drift av dei eldste atomreaktorane og bygging av nye atomreaktorar.

På Kola har prosjektet ført til gjennombrot for interessa for vindkraft. Dei lokale tilhøva er spesielt egna for storskala vindkraft. 700 MW vindkraft er nok til å erstatte ein av de gamle atomreaktorane uten at store investeringar i infrastruktur eller inngrep i urørd natur er naudsynte.

Dette er dokumentert gjennom rapportar frå Vitskapsakademiet på Kola som er laga på oppdrag frå Gaia og Norges Naturvernforbund.

Norges Naturvernforbund og Gaia har nådd sitt første mål med å etablere interesse for vindkraft og fornybare energikjelder på Kola. For å kunne føre dette arbeidet vidare har Norges Naturvernforbund og Gaia i lag med Norsk Vind Energi AS danna eit eige selskap, VetroEnergo AS, som skal stå for utvikling av vindkraft på Kola. VetroEnergo AS har underteknna ei samarbeidsavtale med Kolenergo (det lokale kraftforsyningsselskapet) og fleire andre lokale partar om å byggje ei demonstrasjons vindmølle like utanfor Murmansk. I tillegg har Norges Naturvernforbund og Gaia vert med på å få i stand ei samarbeidsavtale om vindkraft mellom guvernementet på Kolahalvøya og fylkesmannen i Finnmark..

I Karelen er det etablert eit prosjekt for å fremje interessa for bioenergi i samarbeid med Den Karelske Naturvernunionen. I Karelen ligg tilhøva til rette for å nytte skogsavfall i dei fleste av dei 800 kull- og oljefyrte kjelane som finst i området nå. Prosjektet har arrangert studieturar for folk med avgjerdsmakt, utarbeidd fleire rapportar om lokale moglegheiter og dreve eit utstrakt informasjonsarbeid. På same vis som på Kola har interessa for fornybare energikjelder auka sterkt i perioden. Norges Naturvernforbund har saman med dei lokale organisasjonane førebudd etablering av eit eige selskap som kan føre arbeidet med eit demonstrasjonsprosjekt vidare.

I St. Petersburg har Norges Naturvernforbund og miljøorganisasjonen *Zelony Mir* etablert samarbeid med eit representativt bustadsameie. Formålet er å legge til for - og inspirere leietakarane til - å gjennomføre energisparetiltak. Prosjektet har utvikla seg til å omfatte heile miljøaspektet i form av eit "grønt" burettslag. Prosjektet har også hjelpt leietakarane med praktiske sparetiltak. Erfaringane vil bli oppsummerte og vidareførde til andre bustadsameige.

#### **Andre viktige innspill og utførte oppgaver**

- Innføring av Bra miljøvalg for strøm/miljømerking av strøm i samarbeid med våre svenske og finske systerorganisasjonar i mai 1998. Utarbeiding av heftet "Bra Miljøvalg - miljømerking av strøm".
- Arbeid med nye samarbeidsformer for energisparing med kraftselskap og andre interesser. (Jf. vedtak i Ses og Las om innføring av Miljømerking av strøm) Ei rad møte er helde med ulike aktørar, frå einskilde kraftselskap til NVE, Energiforsyningens Fellesorganisasjon (EnFo) og andre for å få deira syn på vår idé om Energispareklubbbar.
- Arbeid mot skadar av kraftlinebyggjing på Sørvestlandet i samband med byggjing av undersjøiske kablar til Nederland og Tyskland. Ei rekke innspel, avisinlegg og høyingsfråsegn er laga, dels i regi av Naturvernforbundet og delvis som utspel via SRN. I dei tidlege fasane har arbeidet vore tett samanvevd med energipolitiske spørsmål som import og eksport av strøm til utlandet, nye vasskraftutbyggjingar og byggjing av gasskraftverk i Noreg. I andte og seinare fasar har arbeidet vore meir prega av klassiske arealbrukskonfliktar.
- Oppfylgjing av FNs internasjonale klimakonferanse i Kyoto i desember 1997, førebuingar, deltaking og oppfylgjing av klimakonferansen i Buenos Aires november 1998.
- Som frivilleig har Lars Haltbrekken lagd ein handlingsplan for sin innsats frå desember og ut perioden. Planen blei handsame og godkjend i sentralstyret.
- Medarrangør av SRNs årlege vassdrags- og energikonferanse.
- Støtte til daværende leders arbeide i det offentlige Energiutvalget, som la fram sin rapport i juni 1998, NOU 1998:11 "Energi- og kraftbalansen mot 2020."
- Høyingsfråsegn saman med SRN-organisasjonane om NOU 1998:11 "Energi- og kraftbalansen mot 2020" og anna oppfylgjing.
- Krav om ein føremålsparagraf om miljøvernomsyn i Energilova for å styrke miljøomsynet i energisaker. Eit første møte med Olje- og energidepartementet er heldt saman med SRN-organisasjonane.
- Kamp mot full Sauda-utbyggjing (høyrer heime under "Kampen for naturarven")
- Innspel til utvikling av ein bærekraftig strategi for Statkraft i neste årtusen i samarbeide med FIVH og DnT.
- Avfallsbrenning. Landsstyret har vedteke fråsegn mot brenning av våtorganisk avfall. Det er skreve to brev til MD for å få stansa brenning av våtorganisk og usortert avfall, og vi har vore med i eit arbeidsmøte. Naturvernforbundet i Sør-Trøndelag har teke pådrivaransvar og Ottar Michelsen har vore ressursperson.

## **Økologisk forsvarleg matproduksjon**

Aina Edelmann var tilsett fram til september 1998. Organisasjonen har nytta eit mangfold i innfallsvinklar og arbeidsmetodar i dette arbeidet. Frå hausten 1998 blei arbeidet gjort av lag og frivilleige. Naturvernforbundet i Nord-Trøndelag tok på seg å vere Naturvernforbundets "ankerfeste" i "Trygg mat"- arbeidet. Dette har vore ekstra viktig fordi organisasjonen nå ikkje har tilsette på dette området.

Sigrun Ringvold var tilsett med miljøgifter som spesialfelt (1997). Per-Erik Schulze har arbeidd både som frivilleig og tilsett med miljøgifter (TV-aksjonsprosjekt), eit arbeid som har vore lagt under dette hovudområdet.

Norges Naturvernforbund bruker "Trygg mat" som tittel på arbeidet med matvaretryggleik. Til dømes nyttar vi "Trygg mat" i samband med TV-aksjonsprosjekta i nokre av fylkeslaga.

**Reise debatt om kor viktig jordvern er og forsvare dette ut frå globale omsyn gjennom arbeid mot konkrete utbyggingsplanar og omdisponeringar der matjord er truga av til dømes golfbaner og vegar**

- Det er utarbeidd kronikkar og debattinnlegg i fleire aviser.

- Om arbeidet mot utbyggingsplanar, mellomt anna mot golfbanar og vegar. Meir om dette under punktet "Arbeide for å oppretthalde bruken av all matjord i Noreg".

#### **Betre føresetnadene for eit økologisk forsvarleg jordbruk**

- Naturvernforbundet sentralt har vore med på 30-40 arrangement landet rundt på området Økologisk matproduksjon/Trygg mat. Dei fleste av desse har vore med lokal- eller fylkeslag i samarbeid med andre organisasjonar. I andre høve har vi hatt sete i panel eller som innleiarar på arrangement i regi av andre.
- Det er skrive kronikkar og debattinnlegg i fleire aviser, og vi har vore med i fjernsynsprogram.
- Natur&miljø Bulletins temanummer 4/97 "- Hva skal vi ha til middag?" handlar om mattrystgleik nasjonalt og internasjonalt.
- Heftet "Trygg mat" blei laga i samarbeid med Norges Kvinne- og Familieforbund og Den Norske Veterinæforening. Målet med heftet er å spreie informasjon om og reisedebatt om konsekvensane auka handel med mat over landegrensene kan få for forbrukarane og miljøet.
- I rovdyrdebatten har Naturvernforbundet lagt vinn på å få fram at det er dei politisk fastsette rammevilkåra og ikkje rovdyra som er det alvorlege hinderet for eit økologisk forsvarleg jordbruk.

#### **Arbeide for at areal med natur- og kulturkvalitetar i slåtteenger, beitemark, setervollar m.m. vert haldne ved like gjennom ekstensiv drift**

- I stort monn tek lokal- og fylkeslaga seg av dette arbeidet. Naturvernforbundet i Buskerud sitt slåttekurs er blitt ein fast somarsuksess.
- Desse omsyna er og eit element i fråsegn som er utarbeidd sentralt.

#### **Rette søkjelyset mot overlasting av utmarksbeite for rein og sau og fremje økologisk forsvarlig beitebruk av utmarka**

- Aksjon Redd Fjellreven starta i forrige periode og går vidare i denne perioden. Her peiker Naturvernforbundet i heftet *Fjellreven - sårbar sjarmør i pels* på teoriar frå forskrarar ved universitetet i Bergen. Dessa resultata tydar på utarming av det biologiske mangfaldet ved hard beiting av sau i fjellet. Vinteren/våren 1999, i samband med ulvesaken, kom det ny, sterkt mediefokus på dette. Fjellrevheftet er i bruk i skoleverket og spreidd blant journalistar.
- Samerettutsvalget er gitt ei grundig organisatorisk handsaming under leiing av Naturvernforbundet i Finnmark. Landsstyret vedtok ei einstemmig fråsegn som famnar om ein del av problemstillingane i under dette punktet i arbeidsprogrammet.

#### **Arbeide for å oppretthalde bruken av all matjord i Noreg**

- Norges Naturvernforbund har i fleire høve gått imot utbyggjing av golfbanar eller støtta lag som jobbar med slike saker. Vi har gjennom avisoppslag oppmoda Norges Golfforbund til å sjå på alternativ til å nytte produktiv mark til golfbanar. Konkret har vi sagt at NGF heller bør ta i bruk nedlagte industritormer, gamle soppelfyllingar eller andre område som treng restaurering.
- Vegbygging trugar ofte matjord. Omsynet til vern om matjorda er eit element i arbeidet mot fleire store vegprosjekt.
- Vern om matjorda har vært ein del av arbeidet i Trygg Mat-nettverket. Her har fleire lag og frivillege i forbundet tatt aktivt del.
- Vi har vore premissleverandør til Forbrukarrådet, Statens ernæringsråd med fleire slik at dei i dag tenker meir heilhetleg.

#### **Kjempe mot bruk av genendra organismar, hormon og skadelege tilsettingsstoff i matproduksjonen**

- Norges Naturvernforbund klagde det multinasjonale gigantselskapet Monsanto inn for Markedsrådet på grunn av markedsføringa av sprøytemiddelet Roundup som "miljøvenleg". Rådet fant at Monsanto-produsket høyrdet til den betre tre-delen av sprøytemiddel mot ugras og at Monsanto derfor hadde dekning for å bruke omgrepene miljøvenleg. Men rådet ga ikkje selskapet medhald i kravet om at saksøkar måtte dekkje saksomkostningane.
- Norges Naturvernforbund har hatt sete i den sentral Bioteknologinemnda. Karen Johanne Baalsrud har representert forbundet i mange år og gjort ein svært god innsats. Ho var ein pådrivar for reorganiseringa som skjedde i 1998. Da tok Karl Georg Høyen over som vår representant.

- Norges Naturvernforbunds bioteknologinetvert blei reetablert kort tid etter. Tanken er at nettverket mellom anna skal gje faglege innspeil til arbeidet i nemnda og styrke arbeidet i organisasjonen på områda bioteknologi, genendring og patent på liv. Se og neste punkt.
- Frå 01.11.97 til 31.05.98 hadde Naturvernforbundet sekretariatsfunksjonen for Kampanjen mot EØS-utviding. Dette var eit samarbeidsprosjekt med Natur og Ungdom og Nei til EU. Lokalt har Naturvernforbundet deltatt saman med Sanitetforeningane og lokallag av Norsk Kvinne- og Familieforbund. Det kortsiktige målet for kampanjen var å få regjeringa til å seie nei til avtala. Men 17.07.98 godkjende regjeringa ho trass i sterkt fagleg kritikk og intern usmje. Kampanjen heldt fram likevel, og Naturvernforbundet skreiv en del av motmeldinga hausten 1998. Det har vore viktig å halde oppe det politiske trykket, både for å minimalisere skadene ved avtalen og for å spreie generell kunnskap om problemstillingane rundt biologisk forureining.

**Krevje mindre løyndom og fulle rettar for forbrukarane til fri informasjon om produkt og produksjonsmetodar, mellom anna om genmanipulering er nytta i produksjonen**

- *Avslag på innsyn i produktregisteret.* I perioden har forbundet fulgt opp arbeidet for at folk skal få kjennskap til kva slags stoff produkt dei kjøpar inneholder. Naturvernforbundet har krevd innsyn i kva slags produkt som inneholder hormonhermende stoff. Vi har heldt oppe eit høgt press for å få fri informasjon frå Produktregisteret. Det er ikkje produktløyndomar vi er ute etter. Vi ynskjer berre å få kunnskap om kva slag farlege stoff produkta eventuelt inneholder. Etter over eit års saksbehandling har MD opprettheldt SFT sitt vedtak om å nekte oss innsyn i produkt som inneholder hormonhermestarar. MD har vurdert ynskjet til produsentane om hemmeleghald som viktigare enn Grunnloven sin nye paragraf om folks rett til miljøinformasjon. Men vi har hatt god framgang i opinionsarbeidet. Delar av opinionen, og fleire politikarar, stiller nå det same kravet som oss om retten for forbrukarane til å få kunnskap om det finst farelege stoff i produkta vi kjøper.

- *Etter avslaget i MD ble saka brakt inn for Sivilombudsmannen.* Kravet om rett til innsyn blir ferdighandsama av Sivilombudsmannen våren 1999. Regjeringa har, mellom anna som konsekvens av Norges Naturvernforbund sitt krav om innsyn i Produktregisteret, oppnemnd eit lovutvalg som innan 31.12.2000 skal gå gjennom og lage forslag til reglar om retten til miljøinformasjon. Sentralstyremedlem Yngve Sjøgren Foss er av regjeringa oppnevnt som medlem av utvalet.

**Gå imot ei kvar form for patentrettar på levande organismar og genetisk materiale**

- Det er laga fleire fråsegner der vi har lagt oss på ei restriktiv line og vist til genteknologiloven.
- Naturvernforbundet har sluttar seg til motstanden mot EUs patentdirektiv på levande organismar. Våre synspunkt er sendt skriftleg i samband med høyringa våren 1999 om "EUs direktiv om rettslig beskyttelse av patent på genmodifiserte organismer". Ellers går dette inn som ein del av det vi gjer gjennom vår deltaking i Bioteknologinemnda.

**Åleine og gjennom Seas at Risk (paraplyorganisasjon for miljørørsla i nordsjølanda) følgje opp Nordsjøavtalen og arbeide for at Noreg følgjer opp det vi har forplikta oss til og blir ein pådrivar i høve til Nordsjøavtalen**  
 Vi hadde ikkje pengar til å halde igang Norsjørelatert arbeid med betalt hjelp. Men høsten 1998 meldte Tarjei Huse seg til frivillig innsats og held kontakt med SAR. Vi har prioritert å føre vidare TV-aksjonsprosjektet om miljøgifter. Dette arbeidet dekkjer fleire Nordsjørelevante tema, men høyrer og heime under andre punkt i arbeidsprogrammet, både under dette kapittelet og til dømes "Kamp for naturarven" og "Organisasjonsutvikling". For å lette oversynet tek vi med noko under dette punktet og resten til slutt i dette kapittelet under overskrifta "Andre miljøgiftsaker".

Gjennom våre aktiviteter har vi gang på gang avdekkja giftlekkasjar som ifølge Nordsjøavtala ikkje skal skje. Tiltak mot den høgprioriterete miljøgiffa PCB i havnebasseng og fjordar har hatt hovedfokus. I tillegg har vi motteke og fylgd opp ei rekke meldingar om andre typar vannforureining.

Naturvernforbundet har hatt to hovudmål med dette arbeidet: a) Med miljøgiftavsløringer og informasjon legg vi press på dei ansvarlige politiske styresmaktene. Naturvernforbundet krevjer at gifta må fjernast og at fisk og skalldyr behaldes som sunne innslag på det norske matbordet. b) "Den store giftjakta" er eit viktig instrument for å utvikle organisasjonen og stimulere til auka aktivitet i laga.

Per-Erik Schulze har vore tilsett periodevis i sekretariatet som koordinator og fagkonsulent, og har utarbeidd ein jamm straum av informasjon til giftjegernettverket vårt og til pressa. Det har vore stor

pågang utanfrå med spørsmål om vannforureining og miljøgifter. Ein rad lokallag og fylkeslag har arrangert åpne møte og kontakta både forureinrarer og kommunale styresmakter i perioden.

**"Den store Giftjakta"** sommeren 1998 hadde som mål å finne ut hvor PCB-forurensningen langs norskekysten kommer fra. "Den store giftjakta" ble i 1998 delfinansiert med TV-aksjonsmidler. 5 personer var ansatt på ukebasis i sekretariatet og på Hordalandskontoret i mai og juni for å få toktet på plass (Per-Erik Schulze, Rikke Dahl Monssen, Edvard Sandvik, Cato Fossum og Bente Fugleseth). I tillegg ble et stort frivillig engasjement ble utløst. En rekke fagmøter og møter med lokalkontakter ble gjennomført i denne perioden. Bakgrunnen for toktet var at vi mistenkte spesielt verftsbransjen og malingfabrikker for å ha gamle synder liggende og lekke. PCB var hovedbestanddel i klorkautsjuk-maling og metallbearbeidingsoljer på -50, -60 og -70 tallet. Avfallet ble spylt på sjøen eller dumpet i sjønære fyllinger. Hverken miljømyndigheter eller verftsbransjen har tatt initiativ for å rydde opp.

Kampanjen besøkte 21 havner mellom Kristiansund og svenskegrensa i juli og august måned 1998, størstedelen med en innleid, tidligere losbåt. Toktet var et samarbeid mellom Naturvernforbundet, Natur og Ungdom og Blekkulfs miljødetektiver, med faglig veiledning fra forskere hos NIVA og Aquateam. Den intense etterforskningen og giftjakten hadde ikke vært mulig å gjennomføre uten aktiv medvirkning fra våre lokallag og uten forståelse og bidrag fra Rederiforbundet, TBL-skip, en rekke verft, kystkommuner og enkeltpersoner.

Vi gjorde intervjuer, hentet opp bunnprøver og fikk dermed bevis for sterk PCB-forurensning i sjøen rett utenfor et titalls skipsverft, en malingfabrikk, en kjemisk fabrikk, en skraphandler og et gammelt militæranlegg. Dessuten fant vi PCB i jord, sand, fyllinger og oljeslam på land hos flere av disse lokalitetene. Giftmålingene ble behørig presentert i aviser, radio og TV for å sikre offentlig deltagelse og debatt om saken.

Det er ingen overdrivelse å si at "Den store giftjakta" bidro til å vende mediernes fokus over til saksarbeidet vårt igjen. I hele juli og utover høsten og vinteren sto PCB-jakta høyt oppe i nyhetsbildet. Sjokkmålinger i Florvågen ved Bergen, i Stavanger og Kristiansand havn, og ved ferieparadiset Tjøme i Vestfold ble alle store mediesaker med bl.a. 3 helsider i Dagbladet. Det var stort regionalt og lokalt presseoppbud alle anløpssteder. NRKs distriktskontorer stilte opp i alle fylkene. Radio- og fjernsynsinnslag kom fortløpende. TV Norges reportasjeteam fulgte turnéen og hadde regelmessige nyhetsinnslag. NRK Dagsrevyen og TV2-nyhetene dekket også "Den store giftjakta. Gjennom NUs klipp-abonnement kom det inn over 200 klipp fra medier kysten rundt. Resultatet var at Naturvernforbundet igjen ble prentet inn i journalisters bevissthet som kilden de går til for å få kommentarer, analyser og tips om saker. Dette kunne måles direkte i det høye antall henvendelser til sekretariatet om andre naturvernsaker.

I etterkant av sommeren har vi appellert til Stortinget og Miljøverndepartementet, til skipsbransjen og til PCB-producentene om at de må stoppe videre lekkasjer fra avfallshaugene vi oppdaget på land og i sjøen. Å la giften ligge vil være et stort overgrep mot livet i havet, men også mot den tradisjonelle bruken av de nære kystområder til fiske og rekreasjon. SFT og MD har meldt at saken er høyt prioritert og at de nå lager malen for ansvars- og kostnadsforedelingen ved opprydding. Norges Naturvernforbund har vinteren 98/99 utarbeidet vårt forslag til oppryddingsplan. Det er stort potensielle for å bedre situasjonen ved å tildekke eller fjerne forurenset grunn og sjøbunn, samt å samle inn og destruere PCB-produkter som ennå er i bruk. Teknologien for opprydding eksisterer både i Norge og de fleste store europeiske havner. Kostnadene i milliardklassen foreslår vi deles mellom statlige myndigheter, giftprodusenter og utslippsbedrifter. Norges Naturvernforbund har gjennom presseutspill og via advokat tatt initiativ for at de store kjemikalieprodusentene Bayer, Monsanto og Rhone Rouenc må holdes ansvarlig for problemene PCB-produktene deres har voldt.

-*Skipsværfiene tar ansvar* etter sommerens besøk av Giftjakta. Aker Stord, Tromsø skipsverft, Wartsila Bømlø, Kværner Rosenberg (Stavanger), Breviksgruppen og Umoe Haugesund er blant dem som har meldt at de setter igang videre giftjakt på eget initiativ, og gjerne i samarbeid med Naturvernforbundets lokallag. Bransjeforeningen for verftene, TBL-skip, har startet en arbeidsgruppe som skal ta fatt i de gamle giftsyndene.

-*PCB i Russland*. Giftjakta omfatter nå også våre søsterorganisasjoner på Kola-Halvøya etter at det har vært gjennomført flere møter og studiereiser begge veier over grensen. Sammen avslørte GAIA og

Naturvernforbundet i November at Russland, akkurat som Norge, har flere aktive og potensielle PCB-kilder. Blant disse er kraftverkene, verft og kraftrevende industri i murmanskregionen.

**Sikre ei miljøforsvarleg forvalting av fiskeressursane i Nordsjøen og Barentshavet ved å presse styresmaktene, gjerne i samarbeid med fiskarorganisasjonar**  
Lobbyarbeit med direkte kontakt mot politikarar og styresmaktene er utført. Mediene er brukt aktivt for å bygge opinionen for ei miljøforsvarleg fiskeriforvaltning. Naturvernforbundet har skreve fråsegn om endringar i Råfisklova og påverka dette positivt.

**Gjennom Friends of the Earth og samarbeid med fiskarar ha auka forståinga internasjonalt for korleis fiske i India og Ghana kan drivast på eit miljøeffektivt og berekraftig vis**  
Ghana- og Indiaprosjektet går etter planen. En løpeseddel med informasjon om de to prosjektene var ferdig våren 1999. Det er laga separate rapportar for både prosjekta.

**Gjennom Friends of the Earth "Sustainable societies" arbeide mot dei urettvise fordelingsstrukturane som er med på å føre til svolt og naturøydeleggingar**  
Det har ikke vært arbeidskapasitet sentralt til å følgj opp dette arbeidet internasjonalt. Men vi har gitt informasjon om FoEs Sustainable Societies Programme i flere sammenhenger, bl.a. i møter med NHO, Oljeindustriens Landsforening og flere enkeltbedrifter.  
Naturvernforbundet bidro til ForUMs høringsuttalelse om miljøkonsekvenser av den såkalte MAI-avtalen. Her var det særli fokus på fordeling, arealplan og miljøgiftproblematikk knyttet til økt liberalisering av investeringer og et utvidet ekspropriasjonsbegrep.

#### **Andre miljøgiftsaker**

- *Anmeldelse av Horten Skipsreparasjoner AS.* 15.09.: Naturvernforbundet i Vestfold avslørte det som kan være forurensning med den farlige og forbudte miljøgiften PCB på land ved Horten havn og fulgte opp med grundig medie- og informasjonsarbeid. I samarbeid med Naturvernforbundet sentralt ble saken meldt til politiet.
- *Roundup.* Verdens mestselgende sprøytemiddel, fra Monsanto, ble i året som gikk nok en gang markedsført som miljøvennlig. Etter initiativ fra fylkeslaget i Rogaland, gikk Naturvernforbundet ut med krav om at bruken begrenses og at markedsføringen modereres. Maiken Sele har arbeidet frivillig i sekretariatet med å gå igjennom ny dokumentasjon om miljøfarene ved Roundup. Saken får ny aktualitet våren 1999 når Landbruksstilsynet skal gjøre en ny vurdering av Roundup.
- *Oljelekksasje fra Esso.* 16.10.98: Lekkasje i en oljetank ved Essos anlegg på Slagentangen førte til utslipp av ukjente dimensjoner, kanskje 100.000 liter. Naturvernforbundet i Vestfold stilde bedriften fire nøkkelspørsmål om fadesen og la fram tre krav om rutineforbedring og innføring av overvåkningsprogram for lokal miljøpåvirkning. Samtidig refset Naturvernforbundet SFT sentralt som, en og en halv uke etter at utslippet var meldt, fortsatt ikke hadde varslet oljevernavdelingen i Horten.
- *Giftutslipp fra Langøya.* 11.08.98: Naturvernforbundet i Vestfold, i samarbeid med Naturvernforbundet sentralt politianmeldte Norsk Avfallshandterings (NOAH AS) anlegg for spesialavfall etter utslipp av giftige gasser. Resultat: Anlegget ble stengt en periode, men starter opp igjen nå. Vi krevde utskifting av ledelsen ved anlegget, klagde på utslippstillatelse og uttrykte mistillit til MD, som sitter på alle sider av bordet i denne saken. Kravet om oppnevnelse av et settedepartement for MD ved behandlingen av vår klage over utvidet utslippstillatelse til NOAH AS' anlegg på Langøya ble tilslutt avvist.
- *Udetonerte miljøbomber i nærmiljøet.* 13.08.98 gikk det ut pressemelding om bruken av miljøgiftimpregnerte materialer som skyter i været. 80% av nye hus på Vestlandet og i Nord-Norge kles med trykkimpregnert panel. Impregneringen inneholder ofte tungmetaller og arsen. I stedet for å handle, avventer miljøvernmyndighetene passivt grønne skatter. Naturvernforbundet tok opp kampen og plasserte ansvaret for handling hos flere aktører.
- *TBT (tributyltin)* blir regnet som det giftigste stoffet som er tilført det marine miljø og har gjort store skader på snegl og sjødyr i kystfarvann verden rundt. TBT brukes som bunnstoff på skip og båter og hindrer begroing. Den internasjonale skipsfartsorganisasjonen IMO har vedtatt å gå for utfasing: Forbud mot ny bruk satt til 2003, forbud mot ha TBT under skipet fra 2008. TBT har vært en fanesak for det internasjonale NGO-nettverket Seas at Risk, der Edvard Sandvik har representert Norges Naturvernforbund.
- *Forvalningsrevisjon på området helse- og miljøfarlige kjemikalier i produkter.* Per-Erik Schulze, med hjelp fra sprøytemiddelgruppa i Naturvernforbundet Rogaland, har gitt innspill til Riksrevisjonen.

Norges Naturvernforbund pekte spesielt på manglende åpenhet og informasjon, manglende håndhevelse av lovverk og forskrifter og liten grad av føre vår mot nye giftstoffer i produkter. Vi dokumenterte manglene i forvaltningen ved å vise til en rekke konkrete giftsaker som Norges Naturvernforbund har jobbet med de siste par årene.

- *Utslipp på Gardermoen*. I januar 1999 kom det melding fra SFT om 5 tilfeller av utslipper i forbindelse med avisering av fly. Naturvernforbundet krevde strenge reaksjoner overfor de ansvarlige for bruddet på rutinene. SFT fulgte våre krav. Vi krevde også innsyn i hvilke tilsettingstoffer avvisingsvæskene inneholder. Dette tok lengre tid, men etter hvert fikk vi tilgang til denne viktige informasjonen.
- *Miljødumping av norske tankskip i 3. verden* var en het sak etter mediebesøk på stranda i India der skip fra hele verden hugges opp under uverdige arbeids- og miljøforhold. Norges Naturvernforbund har stilt miljøkrav til skipsoppphugging og samarbeider internasjonalt gjennom Friends of the Earth for å presse de ansvarlige til å rydde opp i forholdene.

## Samferdsel

Kapasiteten i sekretariatet er trappa kraftig ned i løpet av LM-perioden. Våren 1997 hadde sekretariatet tre medarbeidrarar på saksområdet, medreikna kombinert stilling som seksjonsleiar-/prosjektleiar Gardermoen. Hausten 1997 blei talet redusert til to stillingar. Frå april 1998 var berre Anders Jordbakke engasjert. Sidan september han hatt 50% stilling for arbeid med samferdselsaker.

**Med utgangspunkt i Norsk veg- og vegtrafikkplan og Norsk jarnbaneplan arbeide for ei auka satsing på jarnbanen og mindre overføringer til vegsektoren**

- Naturvernforbundet har kontinuerlig arbeidd for å endre samferdselspolitikken i ei meir berekraftig retning, mellom anna ved overføring av statlege ressursar fra tilrettelegging for bil- og flytrafikk til utbygging for jarnbane og annen kollektivtransport. Sekretariatet har deltatt i referansegruppa for Nasjonal Transportplan (NTP) 2002-2011 og i samarbeid med Natur og Ungdom kome med omfattande innspel til denne viktige planprosessen. Fylkeslaget er holdt løpende orientert om arbeidet, men har med nokre få unntak vald å ikkje prioritere NTP-prosessen i fylka. I tillegg til eit relativt tungt engasjement i NTP-arbeidet har vi fremma forslag til miljøforbetring av regjeringa sine årlege budsjettframlegg.
- Sekretariatet har bistått fylkeslaget i Telemark i deira arbeid for betre togtilbod på Bratsbergbanen. Naturvernforbundet skal ha ein del av æra når eit privat selskap truleg gjer eit løft i togtrafikken i Grenland i nær framtid.

**Det skal verte arbeidd mot prosjekt som fører til sterk trafikkvekst og konkurrerer med jernbanen og mot særskildt naturskadelege vegprosjekter. Arbeidet skal verte gjort gjennom kampanjar, lobbyverksemnd og krav om utgreiing av miljøkonsekvensar**

- Hausten 1998 var "Skift til grønt", Norges Naturvernforbunds vegleiar til meir miljøvenleg transport, ferdig. Heftet er laga for å gjøre det enklare for dei frivillede i organisasjonen å nå resultat med arbeidet sitt, og Charlotte Torp førde det i pennen. Dette er det første av fire såkalla idéhefter om frivilleg arbeid med Lokal Agenda 21 som er omtala under kapittelet "Organisasjonsutvikling".
- Naturvernforbundet har i nært samarbeid med Turistforeninga og NU kjempa mot Lofotens fastlandsforbindelse (LOFAST) som til slutt blei vedtatt bygd gjennom eit verma vassdrag og planlagt nasjonalpark i Øksfjord/Indrefjord. Situasjonen i Nordland har gjort det vanskeleg å samarbeide med Fylkeslaget i Nordland gjorde ein god jobb med denne viktige inngrepssaka fram til fylkestingets handsaming. Resten av tida måtte sekretariatet, på grunn av situasjonen i fylkeslaget, nytte dei andre samarbeidspartnerane.
- Vårt lokallag i Lunner og fylkeslaget i Oppland har saman med ei lokal aksjonsgruppe og Oslo og omland friluftsråd vore aktive for å begrense inngrepa knytta til ny Rv35 mellom Hadeland og Gardermoen. Sekretariatet har skreve brev og hjelpt til med kontakt til Miljøverndepartementet og Samferdselsdepartementet.
- Sekretariatet og Per Flatberg frå sentralstyret samarbeida om å få mediefokus på den store overkapasiteten i innanlands flytrafikk. Til dømes blei det rekna ut at talet på unytta sete i ein månad (november 1998) utgjorde 5000 tomme fly. Naturvernforbundet reagerte på ressurs- og miljøøydinga. Vi fylgde opp med brev til Miljøverndepartementet og Samferdselsdepartementet og krevde mottiltak frå styresmaktene.

**Arbeide for å få overført godstransport frå lastebil til jarnbane og båt både innanlands og i vareutvekslinga med Norden og Europa**

- Sekretariatet har deltatt aktivt i styringsgruppa for fylkeslaget i Østfold sitt prosjekt om miljøvenleg godstransport Oslo-Göteborg. Rapporten fra prosjektet blei lansert på presseseminar i februar 1999.
- Den kraftige auken i flytrafikken har heile tida vore eit viktig tema for vårt samferdselsprosjekt Gardermoen. Ved alle høve, mellom anna like før og etter opninga, har vi understreka at bygging av Gardermoen vil legge til rette for fortsatt vekst og redusert utnytting av kapasiteten i den meist forureinande formen for persontransport. Ellers har Gardemo-prosjektet fokusert på lekkasjene i Romeriksposten og problema med jordreining av avisingsvæske. Sluttrapport fra prosjektet skal vere ferdig våren 1999.

**Arbeide for å oppretthalde nærmiljøfunksjonane og for ei transportminimerande arealplanlegging**

- Sekretariatet har saman med NOA og lokallaget i Oppegård arbeidd mot planane for utbygging på Svartskog rett sør for Oslo. Utbygginga er klart i strid med intensjonane i rikspolitiske retningslinjer for samordna areal- og transportplanlegging.
- Naturvernforbundet har i lang tid kjempa for at nærmiljø skal utviklast slik at ein ikkje treng å bruke bil. Difor var det lett å gå ut med aktiv støtte til styresmaktene da Miljøverndepartementet stogge nybygging av bilbaserte kjøpesenter.

**Presse fram tiltak som betre kollektivtrafikken, vegprising og inga nyetablering av bilbaserte kjøpesenter for å redusere den helsefarlege støyen og luftureininga i norske byar og tettstader**

- Saman med NOA har vi engasjert oss i debatten kring Oslopakke 2 for raskare utbygging av kollektivtransporten i Oslo-området. Saka skal fremjast som proposisjon for Stortinget, og liknande planar er aktuelle i andre større byområde.
- Vi samarbeider med NU og delar av fagrørsla om Kollektivkampanjen som primært tek sikte på betre busstilbod i byane. Kampanjen sine krav er presenterte i heftet "Sats kollektivt". Så langt har vi gjennomført postkortaksjon i Oslo og ein landsomfattande "Sett foten ned"-aksjon. Våren 1999 arrangerte kampanjen ein bussturne fra Trondheim til Sarpsborg for å sette kollektivtrafikk på dagsordenen i haustens valkamp.

**Initiere ein prosess for å få fram samferdselskontor i fylka framfor vegkontor  
Eitt av krava i Kollektivkampanjen, jf omtale over.**

**Arrangere samferdsleseminær som eit tilbod til lokallag og fylkeslag**

- I mars 1998 arrangerte vi seminaret "Kollektivby eller bilby" med Oslopakke 2 som case. Seminaret retta seg spesielt til fylkes- og lokallag i dei største byane og dei fleste deltarane kom fra Oslo og Akershus.
- I november 1998 publiserte vi "Skift til grønt. Naturvernforbundets veileder til mer miljøvennlig transport". Veilederen er distribuert til fylkes- og lokallaga og er velegna som grunnlag for eit eventuelt framtidig seminar om samferdsle og miljø.

**Arbeide for gass som drivstoff i bussar og ferjer  
Ikkje fulgt opp.**

**Organisasjonsutvikling og lokalt arbeid**

Helge Solberg hadde medlems- og markedskontakt som hovudfelt fram til sommaren 1998. Hans Jacob Torkildsen var tilsett på det same området, men med vekt på markedskontakt. Han sluttar våren 1998. Jan M. Vevatne kom attende frå permisjon til 50% stilling som organisasjonssjef sommaren 1998. Tirill Stibo Opgård står for sentralbordtenesta. Ho har og mellom anna stått for innkjøp av materiell og rekvisita og handsama medlemsregisteret saman med ein sivilarbeidar. Hans Olstad har 50% stilling som ansvarleg for EDB og tekniske tenester. Sivilarbeidar Mats Mats Stafseng Einarsen har gjort ein god del på medlemsregisteret og med styrking av IT-arbeidet. Den siste tida har han jobba mest med ny struktur på internetsidene våre. Frå januar 1999 kom ny sivilarbeider Nils Petter Jacobsen inn med ansvarsområde organisasjon.

*"Medlemmer, engasjerte enkeltpersonar, tillitsvalde, lokallag og fylkeslag er kjernen i Naturvernforbundet si verksamhet. Samspelet mellom dei og sekretariatet og styrande organ er avgjerande for om Naturvernforbundet maktar å nytte seg av at det er den største, eldste, demokratiske og landsdekkjande natur- og miljøvernorganisasjon i Noreg." Desse formuleringane frå arbeidsprogrammet har vore retningsgjevande for arbeidet og prioriteringane i sekretariatet etter at talet på tilsette blei sterkt redusert i perioden. Sekretariatet er ikkje eit utgreiingskontor med eksperter, men har satsa på i størst mogleg grad å vere eit koordinerings- og serviceorgan for fylkes- og lokallaga, tillitsvalde og engasjerte enkeltpersonar. Dette har auka slagkrafta til organisasjonen.*

#### Auke aktiviteten i lokallaga

a) Opprette fire fylkessekretærstillingar der sentralleddet medverkarar til finansieringa.

*Ei av stillingane skal lokaliserast til eit av dei tre nordligste fylkene*

Søknaden om LA21-pengar og det som er gjort andsynes LA21 er direkte oppfylging av punktet. Men den økonomiske situasjonen dei to siste årene har ikkje gitt rom for å følgje opp dette punktet ytterlegare.

b) Syte for at sekretariatet gjev service til lokallaga i saker lokallaga arbeider med

Fra juli 1998 har sekretariatet arbeidet medvite for å byggje opp igjen Naturvernforbundet som ein organisasjon av, med og for frivillige. Etter nedbemannninga har det vore lagt stor vekt på å utvikle sekretariatet som koordinerings- og serviceorgan for laga, aktive og frivillige. Dyktige ildsjeler ute i laga er ein viktig ressurs for organisasjonen. Ein del av desse var mindre synlege ein periode. Vi har prioritert å rette på dette. Lag, grupper og frivillige enkeltmedlemmer har påteke seg ansvar for sakshandsaminga i "sine" saker. Sjå også nedanfor under "Betre kontakten innan organisasjonen", punkt b).

c) Lokallaga skal prøve å hjelpe Blekkulfs Miljødetektivar med å starte lokale klubbar

Det er ikkje tatt initiativ sentralt til å minne lokallaga om dette punktet, og vi kjenner heller ikkje til at lokallaga sjølv haryttt slik starthjelp til barneorganisasjonen.

#### Auke medlemstalet gjennom å setje i verk ein plan for verving av nye medlemmar og halde fast på dei noverande

a) Nyte lokale saker til verving av nye medlemmar

Det ble i 1997 laget en informasjonsbrosjyre om Naturvernforbundet - "Naken og sårbar", og trykt opp ferdig medlemsgiroblanketter med velkomstord for nye medlemmer. Dette i tillegg til at vi sendte ut vennevervingsskjema til alle nye og gamle medlemmer. Lokallaga får også etter ønske og behov tilsendt medlemsblokker til lokal verving.

b) Setje i verk eit opplegg for å knyte tidligare aktive i Natur og Ungdom til Naturvernforbundet

Det har vore gjennomført eit første møte mellom leiinga i dei to organisasjonane for å drøfte framgangsmåten i dette spørsmålet. På Landsmøtet 1999 kjem forslag om eige medlemskap for studentar opp.

c) Naturvernforbundet må gjennomgå annonsepoltikken for å ta vare på truverdet.

Saka har vore drøfta i sentral- og landsstyret, og innstillinga har vore den økonomiske situasjonen ikkje har opna for endringar. Difor er det heller ikkje laga noko utgreiing på dette tema.

#### Skulere organisasjonen

Eit organisasjonsseminar og to fagseminar er det sekretariatet har makta å halde. Desse er omtale på annan stad i meldinga. Dei andre underpunktene er ikkje gjennomførde p.g.a. manglande kapasitet.

#### Kvinnesatsing

Det har vore jamn representasjon av både kjønna i dei styrande organa i perioden. Ut over dette har det ikkje vore kapasitet i sekretariatet til å gjennomføre særskilt arbeid med dette punktet.

#### Betre kontakten innan organisasjonen

a) Utvikle Magasinet som medlemsblad og finne ein god struktur på blad frå lokallag og fylkeslag  
Sjå omtale under "Innleiing".

*b) Byggje ut oversynet over ressurspersonar i forbundet og bruke dei aktivt i arbeidet*

Frå juli 1998 og til i dag har ca. 40 frivillige og grupper av frivillige påtatt seg ansvar for sakshandsaming på ulike einskildområde. Mellom anna hjelper dei til med å skrive fråsegn og profilerer Naturvernforbundet i både lokale, regionale og riksdekkjande medie. Dette nettverket har representantar i alle landsdelar og er ein betydeleg ressurs for organisasjonen. Det styrker den totale saksbehandlingskapasiteten godt utover det eit nedbemannata sekretariat kunne makte aleine. Friville har gått i gang med å planlegge korleis dette nettverket kan nyttast meir aktivt av lokal- og fylkeslaga. Ein oversikt over ressurspersoner blei samla på data via fylkeslaga og foreløpeg avslutta i 1997. Responsen var ikke overveldande. Men ca. 80 personar har sagt at dei stiller opp for Norges Naturvernforbund sentralt på angitte saker/områder og på visse føresetnader.

*c) Arrangere landsomfattande samlingar eller regionsamlingar om organisatoriske emne eller innanfor hovudsatsingsområda*

Det ble arrangert et veldig kalla og samlande organisasjonsseminar i Oslo 19. september 1998. Haustkonferansen til Naturvernforbundet i Buskerud, Telemark, Vestfold og Aust-Agder gjekk av stabelen i Kongsberg 21.11.98.

*d) Arrangere to årlege kontaktmøte mellom organisasjonane i "familien" (Natur og Ungdom, Blekk-ul, Miljøheimevernet, Regnskogsfondet)*

Sekretariatet var vertskap for eit møte med alle organisasjonene i familien, inkludert NMK, i oktober 1998. Etter tilsettinga av ny generalsekretær blei det i februar 1999 organisert en besøksrunde til dei same organisasjonane og Utviklingsfondet. Hensikten var å presenterer Jørund Ubøe Soma og utveksle informasjon.

*e) Gjere sentralstyremedlemma ansvarlege i forhold til fylkeslaga*

Sentralstyret har hatt ein enorm arbeidsbelastning med å redde organisasjonen fra konkurs. Nedbemanning, arbeid med advokater og forhandling med kreditorer har, i tillegg til håndtering av tunge, løpende saker, krevd all energi. Likevel har fleire av sentralstyremedlemene hatt regelmessig kontakt og samarbeid med fylkeslaga. Dei har og handsama fleire viktige saker og slik styrka det totale fagarbeidet til organisasjonen.

#### Evaluering av organisasjonen

*Landsstyret skal gjennomføre ei evaluering av organisasjonen og styreforma til Naturvernforbundet. Under dette kjem ordninga med lønt leiar*

Arbeidet blei ikkje igangsatt i 1997, og den økonomiske situasjonen i 1998 har ikkje gitt rom for å prioritere denne oppgåva. Landsstyret vedtok våren 1998 at Naturvernforbundet ikkje har økonomi til betalt fulltidsleiar.

#### Lokal agenda 21

*a) Bruke Lokal agenda 21 som eit verktøy i det lokale naturvernarbeidet og syte for at det kjem konkret handling ut av samarbeidet*

- Organisasjonsseminaret hausten 1998 hadde mellom anna Lokal Agenda 21 som tema.
- For å hjelpe laga og alle våre frivillige ildsjeler, entusiaster og ressurspersoner har Norges Naturvernforbund produsert *fire idéhefter* (underveis har vi også kalt dem "utviklingsguider") for LA21-arbeid i kommunene:

*SKIFT TIL GRØNT* - Idéhefte nr. 1 om frivillig arbeid med Lokal Agenda 21.

Heftet er ei idébok/ein vegleiar for arbeid for bærekraftig transport. Den er utarbeidd med økonomisk støtte frå Samferdselsdepartementet, Konsul Haldor Viriks og Miljøverndepartementet.

*BIOLOGISK MANGFOLD I KOMMUNENE* - Idéhefte nr. 2 om frivillig arbeid med LA21.

Heftet er utarbeidd i samband med det Europeiske naturvernåret og tek for seg bevaring av biologisk mangfold i kommunene. Dette er omredigert og tilpasset vårt LA 21-arbeid.

*VILLE NABOER* - Idéhefte nr. 3 om frivillig arbeid med LA21.

Heftet er først utarbeidet i samaband med det Europeiske naturvernåret og tek for seg rikare livsmangfold i det nærmiljøet vårt - frå hagen og heilt inn til blomsterkassene. Heftet er omredigert og tilrettelagt for vårt LA 21-arbeid.

*HÅNDBOK FOR GIFTJEGERE* - Idéhefte nr. 4 om frivillig arbeid med LA21.

Heftet er utarbeidet til bruk for Naturvernforbundets lag og andre interesserte i arbeidet med å spore opp miljøgifter. Det legg vekt på å handtere aktørar profesjonelt for å sikre minst mogeleg grad av konflikt og størst mogeleg grad av fellesinnsats i samband med opprydding og med å redusere skadene. Det faglege grunnlaget er gjennomført med støtte fra TV-aksjonen og LA21-løyvinga frå Miljøverndepartementet.

- Heftet "Trygg mat", omtala under "Økologisk forsvarleg matproduksjon", gjev nyttig bakgrunn for laga og frivillege som er engasjerte i LA21-arbeid. på dette området.
- Temanummer 2/98 av Natur&miljø Bulletin gjev brei presentasjon av LA21.
- Brev frå Miljøverndepartementet om finansiering av LA21 er sendt alle lokal- og fylkeslaga saman med ei oppstilling av Naturvernforbundets rolle i LA21-arbeidet og oppmading til laga om å söke midlar.

*b) Etablere eit nettverk i organisasjonen for utveksling av informasjon og sende ut jamnleg informasjon frå sekretariatet til dei som er engasjerte i Lokal agenda 21 i kommunane*

- Lokal Agenda 21 har vore gjennomgangstema for møte- og reiseverksemda frå sekretariatet si side, spesielt på området "Økologisk matproduksjon"/Trygg mat. Mellom 30 og 40 arrangement er gjennomførde. Nettverksbygging har vore prioritert, og organisasjonsutvikling har stått sentralt. Dei fleste arrangementa har vore med lokal- eller fylkeslag i samarbeid med andre organisasjonar.
- Naturvernforbundet i Finnmark har laga ei oversikt over ressurspersonar og viktig LA21-aktørar. Denne er sendt ut til fylkeslaga.
- Sekretariatet har også kobla interesserte aktive med kvarandre etter at dei har kontakta sekretariat. Vidare har sekretariatet oppmoda interesserte å nytte heimesidane som Miljøverndepartementet har laga om LA21. Desse er til god nytte for laga i nettverksutviklinga..

*c) Samarbeide med fagrørsla for å fremje arbeidet med Lokal agenda 21 og miljøarbeid på arbeidsplassen*

Norges Naturvernforbund har vore med å leggi lagt grunnlaget for miljøsatsing i landets største fagforbund, Norsk Kommuneforbund (NKF). I mars/april 1999 la NKF fram sin "Miljøhandlingsplan for et solidarisk samfunn i økologisk balanse". Dette er etter Naturvernforbundets sitt syn eit svært grundig og godt dokument som syner vegen i miljøarbeidet for resten av fagrørsla.  
Vi har hatt konkret samarbeid med NKF om MAI-avtalen i Nettverk mot MAI.  
Vi har skrive fast miljøspalte i NKFs blad "arena" og Handel og Kontor sitt blad "HK-Nytt".  
Naturvernforbundet har sete i LOs Miljøforum.

*d) Arbeide for at alle norske kommunar verner 1-3 naturområder som kan være deira tilskot til vern av den felles naturarven vår*

Dette arbeidet skjer lokalt i samband med rullering av kommuneplanane.

*e) Styrke lokallaga i Finnmark, Troms og Nordland gjennom prosjektet Lokal agenda 21 i Barentsregionen*

Norges Naturvernforbund har satsa på å etablere LA21 som eit redskap for natur- og miljøvern i Barentsregionen. LA21 i Barentsregionen er eit delprosjekt i Norges Naturvernforbund sitt prosjekt Miljø i Russland (MIR). Det er gjennomført eit seminar med deltakarar frå heile regionen. Naturvernforbundet i Troms og Finnmark har vore aktivt med i arbeidet. Prosjektet held fram med vekt på å starte LA21 i Russland. Dette gjer vi mellom anna ved å fokusere på LA21 i vennskaps-kommunesamarbeidet. Naturvernforbundet i Alta har tatt ei leiarrolle i dette arbeidet. Arbeidet blei finansiert med tilskot frå Barentsprogrammet og er gjennomført i samarbeid med dei nordiske søsterorganisasjonane våre. Yngvild Lorentzen har vore prosjektleiar. Det er utarbeidd ein eigen rapport for dette arbeidet.

*f) Utvikle ei verktykkasse for arbeidet med Lokal agenda 21, i samarbeid med Miljøheimevernet*  
Sjå under punkt a) og b). I tillegg har Miljøheimevernet laga ei eiga, generell informasjonsbrosjyre om LA21.

*g) For å styrke det lokale arbeidet med naturvern, jordvern, busettings- og transportmønster skal Naturvernforbundet i perioden utvikle ein metode for å utnytte plan- og bygningslova, og andre relevante lover der kompetanse er lagt til kommunane eller fylket, i Lokal agenda 21-arbeidet*

Heftet "La naturen gå i arv – Veileder for bevaring av biologisk mangfold i kommunene" er omarbeidd for LA21-arbeidet og trykt i nytt opplag. Heftet er eit viktig hjelpemiddel for laga på dette området.

**Kurs for næringslivet**

*I samarbeid med GRIP sette i verk kurs i næringslivet om korleis dei kan ta miljøomsyn*

Naturvernforbundet har representasjon i GRIP sitt styre og er med og påverkar kurs- og seminaropplegg i GRIP.